



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

# Bygland kommune



## Årsberetning 2021

**Kommunedirektøren sitt forslag**

31.03.22



## KOMMUNEDIREKTØREN HAR ORDET

2021 har på mange måtar vore eit krevjande år for Bygland kommune som organisasjon. Pandemien viste seg å bli langvarig, og tok mykje fokus og ressursar gjennom heile året. Alt frå smittesporing og kriseleiing under utbrot til ekstra belastning på reinhald, Pleie og omsorg og Oppvekst. Det er viktig å ta dette med seg som ein heilt sentral premis når ein skal fortelje historia om 2021. Ein liten organisasjon har gjort ein kjempejobb saman, men samstundes er nok mange litt slitne no, og fleire prosessar har blitt sette på vent i ei stadig veksling mellom tiltak, restriksjonar og heimekontorløyisingar.

Det har vore spesielt utfordrande å få til god samhandling og felles prosjekt med dei ein samarbeider med utanfor kommunen. Det vere seg nabokommunane i Setesdal eller Agder fylkeskommune. I 2021 måtte ganske enkelt veldig mykje gå på pandemien sine premisser.

Vi har likevel kome oss vidare. I eininga Pleie og omsorg er det etablert eit nytt leiarteam. Dei har, saman med dei tilsette, allereie sett ei ny og positiv retning for eininga.

Dette lovar godt for den samanslåinga mellom Helse og PLO som er planlagt i 2022. Drift og forvaltning er døypt om til Drift og Naturforvaltning, og er i ferd med å bygge opp eit robust fagmiljø på både grøn og blå naturforvaltning. Agder fylkeskommune vedtok på slutten av året å legge ei eiga vannforvaltarstilling for vassområde Otra til Bygland. Grunngivinga var at vi allereie har eit godt miljø. Dette er ei spanande utvikling som vi håper vi kan bygge vidare på i åra som kjem.

Som ein del av den pågåande OU- prosessen har vi arbeidd med å innføre metodar og verktøy for meir involverande prosessar. Skal vi møte utfordringane framover må vi bli flinkare på å tenke på tvers av einingar og miljø internt i kommunen, og bli flinkare til å møte innbygarane og brukarane våre med empati og nysgjerrigheit. Samhandling er eit nøkkelord. Det tar tid å endre kultur, så vi er ikkje i mål, men 2021 var ein god start, og fleire tilsette fekk meirsmak på det å jobba saman på tvers. Dette vil bli eit hovudfokus òg i 2022.

Rekneskapet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk i høve budsjett på kr 4.113.798. Dette vert å rekne som det rekneskapsmessig resultatet til kommunen. Kommunen hadde i regulert budsjett budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 1.177.000. Eit mindreforbruk på kr 4.113.798 vil seie at bruk av ordinært disposisjonsfond vart på kr 4.113.798 mindre enn budsjettert i 2021, som igjen vil seie at ein i 2021 kunne gjere ei avsetning til ordinært disposisjonsfond på kr 2.936.798. I tillegg har kommunen hatt ein total bruk av øyremerkte disposisjonsfond (flyktningsfond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter) på kr 1.120.578, som gjer at netto avsetning til disposisjonsfond vert på kr 1.816.220. Den samla lånegjelda er redusert frå kr 147.342.009 til kr 146.931.976.

Saldoen på kommunen sitt disposisjonsfond er kr 31.980.531 per 31.12.21, som svarer til 19,74 % av brutto driftsinntekter. Målalet er minimum 15 %, så her ligg kommunen over målalet, men ordinært, ikkje øyremerkte, disposisjonsfond utgjer berre kr 7.235.178, sidan størstedelen av disposisjonsfondet er sett av til øyremerkte føremål. Saldoen på kommunen si gjeld er kr 146.931.976 per 31.12.21, som svarer til 90,71 % av brutto driftsinntekter. Målalet er maksimum 75 %, så her ligg kommunen over målalet. Det er difor tilrådd å redusere gjelda i dei kommande åra.

Kommunen sitt økonomiske resultat i 2021 er eit steg i positiv retning, spesielt samanlikna med korleis det såg ut då opphavleg budsjett blei laga hausten 2020. Men, det er viktig å understreke at delar av årsaka til dette resultatet er ei ekstra utbetaling frå konsesjonskraft på kr 2.450.000 utover det som var i opphavelg budsjett. Prognosane framover tilseier auka samla kraftinntekter dei neste åra. Det er då all mogleg grunn til å minne om at dette er inntekter som historisk sett varierer stort, og det er òg viktig å ta med seg at vi som kommune må arbeide vidare mot ein organisasjon i økonomisk balanse, uavhengig av svingingane i kraftmarknaden.

Samstundes er kommunen i den krevjande situasjonen at vi må investere i vekst og utvikling for framtida. I perioden 2001 til 2021 er talet på arbeidsplassar i kommunen redusert med 38,5 %. Dette er tredje dårlegast i landet - og det er dramatiske tal. I same periode er andelen eldre nær dobla og andelen yngre nær halvert. Alt dette innafor ramma av ein relativt sterk befolkningsnedgang generelt i kommunen.



Bygland kommune

Med hjarta i Bygland

«Meir av det same» vil ikkje løyse desse utfordringane. Politikarar, administrasjon og innbyggjarar må saman ha eit kontinuerleg fokus på korleis vi skal jobbe for å bryte denne sirkelen og få til ei ny retning for kommunen. Det har vore jobba mykje med grunnlaget for dette løftet i 2021. Eit døme er prosjektet på Presteneset. Her har vi gått frå involverande prosess til konkret prosjekt. Rett før jul trilla gravemaskinene inn, og i 2022 er målet at både næringsområde, veg inn i området og rundkøyring er etablert. Dette er både kostbare og ressurskrevjande prosjekt for ein liten kommune, men avgjerande for å snu utviklinga.

Vi trur vi vil lukkast. Vi har både menneska, potensialet og viljen til å få det til.

John S. Sigridnes  
Kommunedirektør





## INNHALD


Årsberetning.....	5
1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift .....	6
1.2 Bevillingsoversikt drift .....	8
1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling .....	11
1.4 Bevillingsoversikt investering .....	21
1.5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling .....	22
1.6 Balanserekneskap .....	24
1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose .....	28
1.8 Det kommunale næringsfond.....	30
1.9 Organisering, likestilling og personale .....	31
1.10 Interkommunale samarbeid .....	34
1.11 Etisk standard og kontroll .....	35
1.12 Befolkningsutvikling.....	36
1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal.....	37





## ÅRSBERETNING

Årsberetninga er utarbeida i tråd med § 14-7 i kommunelova, og gir ein kort presentasjon av kommunen sine økonomiske nøkkeltal for 2021 og ei analyse av kommunen si finansielle stilling ved årsskiftet. I delkapittel 1.1 vert mellom anna kommunen sitt rekneskapsmessige resultat kommentert. Delkapittel 1.2 til 1.5 tek sikte på å kommentere og grunngje dei mest vesentlege budsjettavvika i drifts- og investeringsrekneskapan, medan 1.6 tek for seg kommunen sine eigendeler, eigenkapital og gjeld. For innhald elles, viser ein til innhaldslista ovanfor.



**1.1 Økonomisk oversikt etter art – drift**

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
1 Rammetilskot		-65 562 497	-65 280 000	-63 581 000	-65 615 708
2 Inntekts- og formuesskatt		-31 045 525	-29 123 000	-27 464 000	-27 556 780
3 Egedomsskatt		-10 658 023	-10 670 000	-10 550 000	-8 946 247
4 Andre skatteinntekter		-6 998 176	-7 200 000	-7 200 000	-6 863 265
5 Andre overføringer og tilskot frå staten		-1 937 479	-1 186 000	-1 066 000	-2 067 383
6 Overføringer og tilskot frå andre		-24 828 887	-20 664 250	-16 152 250	-26 411 191
7 Brukarbetalingar		-5 862 290	-5 070 000	-4 780 000	-5 622 835
8 Sals- og leigeinntekter		-15 080 410	-13 639 500	-13 639 500	-14 357 817
<b>9 Sum driftsinntekter</b>		<b>-161 973 286</b>	<b>-152 832 750</b>	<b>-144 432 750</b>	<b>-157 441 226</b>
10 Lønnsutgifter		82 588 416	82 811 050	78 861 050	83 579 707
11 Sosiale utgifter		19 227 694	20 368 960	19 134 960	18 604 447
12 Kjøp av varer og tenester		45 097 996	42 389 650	42 108 650	44 897 603
13 Overføringer og tilskot til andre		10 406 483	8 474 590	10 309 590	9 446 899
14 Avskrivningar	4	9 194 121	9 300 000	0	8 138 803
<b>15 Sum driftsutgifter</b>		<b>166 514 710</b>	<b>163 344 250</b>	<b>150 414 250</b>	<b>164 667 459</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>		<b>4 541 424</b>	<b>10 511 500</b>	<b>5 981 500</b>	<b>7 226 232</b>
17 Renteinntekter		-590 608	-600 000	-800 000	-785 346
18 Utbytte		-3 893 659	-3 890 000	-3 795 000	-6 965 113
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
20 Renteutgifter		1 505 523	1 700 000	2 050 000	1 843 859
21 Avdrag på lån	7	5 927 524	6 000 000	5 790 000	4 947 127
<b>22 Netto finansutgifter</b>		<b>2 948 780</b>	<b>3 210 000</b>	<b>3 245 000</b>	<b>-959 472</b>
23 Motpost avskrivningar		-9 194 121	-9 300 000	0	-8 138 803
<b>24 Netto driftsresultat</b>		<b>-1 703 917</b>	<b>4 421 500</b>	<b>9 226 500</b>	<b>-1 872 043</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
25 Overføring til investering		0	0	0	0
26 Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	10	-112 302	-1 741 500	-2 156 500	1 953 114
27 Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		1 816 219	-2 680 000	-7 070 000	-1 264 518
Bruk av tidl. års rekneskapsmessige mindreforbruk					0
28 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	1 183 448
<b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>1 703 917</b>	<b>-4 421 500</b>	<b>-9 226 500</b>	<b>1 872 043</b>
<b>30 Framført til inndecking i seinere år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



### **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk før disponeringar av både ubundne og bundne fond. Netto driftsresultat er kr 1.703.917, tilsvarande 1,1 % av brutto driftsinntekter. Statleg tilråding er at dette talet burde vere kr 2.834.533, tilsvarande 1,75 %, som vil seie at kommunen ligger under anbefalt nivå i 2021.

### **Rekneskapsmessig resultat**

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.113.798. Dette vert å rekne som det rekneskapsmessige resultatet til kommunen. Kommunen hadde i regulert budsjett budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 4.113.798. Eit mindreforbruk på kr 4.113.798 vil seie at netto bruk av ordinært disposisjonsfond vart på kr 4.113.798 mindre enn budsjettert i 2021, som igjen vil seie at ein i 2021 kunne gjere ei avsetning til ordinært disposisjonsfond på kr 2.936.798. I tillegg så har kommunen hatt ein total bruk av øymerka disposisjonsfond (flyktningefond, bygdebokfond og einingsfond Bygland oppvekstsenter) på kr 1.120.578, som gjer at netto avsetning til disposisjonsfond vert på kr 1.816.220.

### **Økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien**

Covid-19-pandemien førte til særskilte låge renter i 2021, i tillegg til at kurs- og reisekostnader er blitt om lag kr 415.000 lågare enn budsjettert pga. restriksjonar i løpet av året, samt større tilgang på digitale kurs og møter. Sistnemnte er ikkje nødvendigvis positivt, då det kan vere eit teikn på generelt redusert aktivitet i kommunen si drift. Ein ser likevel for seg at det kan bli lågare reise- og kursutgifter i framtida, sidan tilbodet av digitale kurs er større enn tidlegare, og digitale møter har kome for å bli.

Til gjengjeld så er det og blitt ekstrautgifter som følgje av pandemien på totalt kr 836.576, kor kr 148.160 av dette er ekstrautgifter til vaksinerings. Ein mistenker og at det er ein del skjulte ekstrautgifter i løpet av året, som ein ikkje har fått registrert. Spesielt innan pleie og omsorg har det vore store ekstrautgifter knytte til korttidsfråvær. Ein vurderer uansett at den totale covid-19-kompensasjonen på kr 2,16 mill. som kommunen har fått gjennom rammetilskottet, er tilstrekkeleg til å dekkje kommunen sine covid-19-relaterte ekstrautgifter i 2021.

### **Økonomiske konsekvensar av auke i straumprisen**

Kommunen fekk utbetalt nesten 2,5 mill. ekstra i konsesjonskraftinntekter i løpet av året grunna den store auka i straumprisen i løpet av 2021. På den andre sida så auka kommunen sine straumkostnader frå 2,5 til 3,5 mill. frå 2020 til 2021, trass i at kommunen sparte nesten kr 0,8 mill. i 2021 på å vere ein del av OFA-avtalen på straumleveranse samanlikna med om kommunen skulle betalt straumen til spotpris.

Utover dette viser ein til dei kommentarane som er gjort under rekneskapskjema:

- § 5-4, 1 Bevillingsoversikt drift
- § 5.4, 2 Bevillingsoversikt drift, til fordeling (budsjettområder)
- § 5-5, 1 Bevillingsoversikt investering
- § 5-5, 2 Bevillingsoversikt investering, til fordeling (investeringsprosjekt)

Paragrafane viser til økonomiforskrifta til kommunelova.



## 1.2 Bevilgningsoversikt drift

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
1 Rammetilskot		-65 562 497	-65 280 000	-63 581 000	-65 615 708
2 Inntekts- og formuesskatt		-31 045 525	-29 123 000	-27 464 000	-27 556 780
3 Eigedomsskatt		-10 658 023	-10 670 000	-10 550 000	-8 946 247
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 216 655	-7 450 000	-7 330 000	-7 126 248
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-114 482 700</b>	<b>-112 523 000</b>	<b>-108 925 000</b>	<b>-109 244 983</b>
6 Sum bevilgningar drift, netto		109 850 198	113 734 500	114 906 500	108 344 201
7 Avskrivningar	4	9 194 121	9 300 000	0	8 138 803
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>		<b>119 044 318</b>	<b>123 034 500</b>	<b>114 906 500</b>	<b>116 483 005</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>		<b>4 561 619</b>	<b>10 511 500</b>	<b>5 981 500</b>	<b>7 238 022</b>
10 Renteinntekter		-587 015	-600 000	-800 000	-785 346
11 Utbytte		-3 893 659	-3 890 000	-3 795 000	-6 965 113
12 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		1 481 735	1 700 000	2 050 000	1 832 070
14 Avdrag på lån	7	5 927 524	6 000 000	5 790 000	4 947 127
<b>15 Netto finansutgifter</b>		<b>2 928 585</b>	<b>3 210 000</b>	<b>3 245 000</b>	<b>-971 262</b>
16 Motpost avskrivningar		-9 194 121	-9 300 000	0	-8 138 803
<b>17 Netto driftsresultat</b>		<b>-1 703 917</b>	<b>4 421 500</b>	<b>9 226 500</b>	<b>-1 872 043</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
18 Overføring til investering		0	0	0	0
19 Netto avsetningar til el. bruk av bundne driftsfond	10	-112 302	-1 741 500	-2 156 500	1 953 114
20 Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond		1 816 219	-2 680 000	-7 070 000	-1 264 518
Bruk av tidl. års rekneskapsmessig mindreforbruk		0	0	0	0
21 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	1 183 448
<b>22 Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>1 703 917</b>	<b>-4 421 500</b>	<b>-9 226 500</b>	<b>1 872 043</b>
<b>23 Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Generelle (frie) driftsinntekter**

For å vise dette er dei ulike inntektene ført opp med budsjett for 2021 og rekneskapstal for 2021 og 2020.

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphaveleg budsjett	Rekneskap 2020
1 Rammetilskot		-65 562 497	-65 280 000	-63 581 000	-65 615 708
2 Inntekts- og formuesskatt		-31 045 525	-29 123 000	-27 464 000	-27 556 780
3 Eigedomsskatt		-10 658 023	-10 670 000	-10 550 000	-8 946 247
4 Andre generelle driftsinntekter		-7 216 655	-7 450 000	-7 330 000	-7 126 248
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-114 482 700</b>	<b>-112 523 000</b>	<b>-108 925 000</b>	<b>-109 244 983</b>

Summen av frie inntekter er budsjettert med kr 112.523.000. Rekneskapen viser at desse inntektene vart kr 114.482.700, altså 1,74 % meir enn budsjettert og 4,79 % meir enn i 2020. Kommunen bruker KS sin prognosemodell som beste estimat for rammetilskot og inntekts- og formuesskatten. Siste estimering vert gjort i oktober og viss det skjer store endringar i premissa for modellen den siste perioden av året, for eksempel ved at skatteveksten tar seg betydeleg opp samanlikna med tidlegare i året, kan det bli relativt store budsjettavvik. 2021 vart eit slikt år, og difor er inntekts- og formuesskatten over 1,9 mill. høgare enn budsjettert.

Rammetilskotet vart tilnærma i samsvar med budsjett. At rammetilskotet er redusert sidan 2020 har samanheng med at prioriterte satsingar innanfor rammetilskotet i 2020 isolert sett har blitt trekt ut i rammetilskotet for 2021. Rammetilskotet for 2021 inkluderer også covid-19-kompensasjonar på totalt 2,16 mill., som er inndelt på følgjande måte:

<b>Koronapandemi – bevillingar gjennom inntektssystemet (tal i 1000)</b>	<b>2 160</b>
<i>Endringar i saldert budsjett 2021</i>	
Kompensasjon ekstrautgifter og inntektsbortfall covid-19, ramme 4,4 mrd. kroner	937
Kontrolltiltak smittevern, ramme 321 mill. kroner	500
Koronavaksinasjon, Innst. 233 S (2020-2021)	106
<i>Endringar i RNB 2021</i>	
Generell kompensasjon 2. halvår	212
Vaksinasjonskostnader 2. halvår	160
<i>Prop 244 S (2020-2021) - covid-19 og influensavaksinasjon</i>	
Kompensasjon vaksinasjon - covid-19 og influensa	145
<i>Nysaldering av statsbudsjett 2021 (covid-19)</i>	
Kompensasjon ekstrautgifter fordelt delvis etter kostnadsnøkkel og delvis til kommunar med ekstra store behov	76
Kompensasjon meirutgifter Stortingsval	24

Kommunen sine ekstrautgifter til covid-19 er på rundt kr 837.000 men her er det nok relativt store «mørketal», spesielt knytte til ekstrakostnader i samband med korttidsfråvær i pleie- og omsorgssektoren. Ein vurderer likevel at kommunen er blitt tilstrekkeleg kompensert for ekstrautgiftene i 2021.

Eigedomsskatten er i tråd med budsjett. Under «andre direkte eller indirekte skattar» inngår konsesjonsavgiftene, som i sin heilskap vert sett av til næringsfondet, og naturressursskatten, som er ein del av inntektsutjamninga saman med dei ordinære skatteinntektene. Desse inntektene vart litt lågare enn dei budsjetterte tala. Totalt sett så kan ein slå fast at generelle driftsinntekter vart nesten 2 mill. høgare enn budsjettert, og at dette er ein stor årsak i kommunen sitt mindreforbruk.

**Finansinntekter/ -utgifter**

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
10 Renteinntekter		-587 015	-600 000	-800 000	-785 346
11 Utbytter		-3 893 659	-3 890 000	-3 795 000	-6 965 113
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
13 Renteutgifter		1 481 735	1 700 000	2 050 000	1 832 070
14 Avdrag på lån	7	5 927 524	6 000 000	5 790 000	4 947 127
<b>15 Netto finansutgifter (finansinntekt i 2020)</b>		<b>2 928 585</b>	<b>3 210 000</b>	<b>3 245 000</b>	<b>-971 262</b>

Netto finansinntekter (negativt forteikn i tabellen over indikerer inntekt) vart på 91,23 % av dei budsjetterte tala. Renteutgiftene vart berre 87,16 % og er den største årsaka til budsjettavviket på netto finansutgifter. Dette skuldast «forsiktig» budsjettering og det faktum at 2021 var eit år som var finansielt vanskeleg å predikere. Utbytter inkluderer utbytter frå Agder Energi (om lag 3,6 mill.) og Setesdal Bilruter (snaue kr 0,3 mill.). Ein gjer merksam på at den betydelege reduksjonen i utbytte frå Agder Energi, frå 6,8 mill. til 3,6 mill., samt auka avdrag som følgje av investeringa i reinseanlegg på Bygland, er hovudårsakene til at kommunen har gått frå ei netto finansinntekt på nesten 1 mill. i 2020 til ein netto finansutgift på over 2,9 mill. i 2021, ei utgiftsauke på 3,9 mill.

**Disponering av netto driftsresultat**

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
18 Overføring til investering		0	0	0	0
19 Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	10	-112 302	-1 741 500	-2 156 500	1 953 114
20 Netto avsetningar til eller bruk av disp.fond		1 816 219	-2 680 000	-7 070 000	-1 264 518
Bruk av tidligare års rekneskapsmessige mindreforbruk		0	0	0	0
21 Dekning av tidligare års meirforbruk		0	0	0	1 183 448

Negativt beløp i tabellen indikerer netto bruk av fond, medan positivt beløp er lik avsetning til fond. «Netto» vil seie at både bruk (minus) og avsetning (pluss) er summert i same talet. Netto avsetning til disposisjonsfond på om lag kr 1,8 mill., inkluderer både bruk av einingsfond (flyktningefond, einingsfond Bygland oppvekst-senter og bygdebokfond) på om lag kr 1,1 mill., bruk av ordinært disposisjonsfond i tråd med budsjett (snaue kr 1,2 mill.) og avsetning av mindreforbruket (om lag 4,1 mill.). Mindreforbruket er ein direkte konsekvens til at budsjettavviket på netto avsetning til eller bruk av disposisjonsfond er så stort som det er.

Netto bruk av bundne fond var på kr 112.302. Budsjettert bruk var kr 1.741.500. Kommunen hadde ein del inntekter i form av øyremarka tilskot i 2021, som ikkje vart brukt opp, og som difor vart sett av til bundne fond. Desse midlane var ikkje i budsjettet, noko som bidreg til at budsjettavviket på avsetning til bundne fond vart såpass stort. Dette gjeld mellom anna covid-19 kompensasjonsmidlar til næringslivet (kr 283.000) og fleire mindre tilskot på til saman kr 173.000. I tillegg så dreiv kommunen billigare enn budsjettert på eit par av sjølvkostområda, som bidrog til ei total fondsavsetning på kr 185.000. Mindreforbruket av SIPR sin del av Setesdal Vekst er og ei ubudsjettert fondsavsetning, på om lag kr 260.000. Samla bidreg desse fondsavsetningane til at netto bruk av fond vart betydeleg mindre enn budsjettert. I tillegg så vart bruk av fond om lag kr 700.000 lågare enn budsjettert, som også bidreg til det samla budsjettavviket på godt og vel kr 1,6 mill.



### 1.3 Bevillingsoversikt drift, til fordeling

Tabellen under viser rekneskap og budsjett per driftseining (budsjettområde).

	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>1 882 101</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 735 963</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>1 882 101</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 735 963</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>14 000 041</b>	<b>14 113 000</b>	<b>14 007 000</b>	<b>14 340 779</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	3 416	-50 000	0	286 967
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>14 003 458</b>	<b>14 063 000</b>	<b>14 007 000</b>	<b>14 627 746</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 201 Kultur</b>	<b>1 573 460</b>	<b>1 805 000</b>	<b>2 135 000</b>	<b>1 714 262</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	18 829	0	0	27 600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-109 433	-150 000	0	134 414
<b>Sum budsjettområde 201 Kultur</b>	<b>1 482 857</b>	<b>1 655 000</b>	<b>2 135 000</b>	<b>1 876 276</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter</b>	<b>17 957 435</b>	<b>18 386 000</b>	<b>18 832 000</b>	<b>17 801 256</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	52 958	0	0	-78 870
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-787 584	-1 009 000	0	692 700
<b>Sum budsjettområde 300 Bygland oppvekstsenter</b>	<b>17 222 809</b>	<b>17 377 000</b>	<b>18 832 000</b>	<b>18 415 086</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter</b>	<b>11 612 457</b>	<b>12 053 000</b>	<b>12 057 000</b>	<b>11 217 197</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	12 533	0	0	-65 340
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 302 Byglandsfjord oppvekstsenter</b>	<b>11 624 990</b>	<b>12 053 000</b>	<b>12 057 000</b>	<b>11 151 857</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 31 Helse</b>	<b>8 355 839</b>	<b>9 186 000</b>	<b>9 577 000</b>	<b>8 536 145</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	51 020	-50 000	0	-23 335
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-223 561	-344 000	0	227 703
<b>Sum budsjettområde 31 Helse</b>	<b>8 183 297</b>	<b>8 792 000</b>	<b>9 577 000</b>	<b>8 740 513</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 33 Pleie og omsorg</b>	<b>34 620 961</b>	<b>34 753 000</b>	<b>31 338 000</b>	<b>34 519 509</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	3 155	0	0	846
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 33 Pleie og omsorg</b>	<b>34 624 116</b>	<b>34 753 000</b>	<b>31 338 000</b>	<b>34 520 354</b>



<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 35 Drift og forvaltning</b>	<b>15 601 622</b>	<b>15 274 000</b>	<b>14 854 000</b>	<b>14 248 486</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-22 556	-25 000	0	-41 951
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 35 Drift og forvaltning ekskl. VARF</b>	<b>15 579 066</b>	<b>15 249 000</b>	<b>14 854 000</b>	<b>14 206 535</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 40 VARF</b>	<b>1 553 267</b>	<b>2 757 500</b>	<b>1 957 500</b>	<b>146 303</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-96 052	-204 500	0	773 461
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 40 VARF (vatn, avlaup, renovasjon, feiing)</b>	<b>1 457 215</b>	<b>2 553 000</b>	<b>1 957 500</b>	<b>919 764</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 41 Store prosjekt</b>	<b>1 630 175</b>	<b>1 813 000</b>	<b>1 450 000</b>	<b>1 456 472</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-239 508	-500 000	0	716 100
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 41 Store prosjekt</b>	<b>1 390 667</b>	<b>1 313 000</b>	<b>1 450 000</b>	<b>2 172 572</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 80 Eksterne samarbeid</b>	<b>16 090 955</b>	<b>17 032 000</b>	<b>16 832 000</b>	<b>17 055 266</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	13 408	-300 000	0	16 217
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 80 Eksterne samarbeid</b>	<b>16 104 363</b>	<b>16 732 000</b>	<b>16 832 000</b>	<b>17 071 483</b>
<b>Bevilling drift, netto budsjettområde 90 Andre sentrale innt. og kostn.</b>	<b>-15 024 524</b>	<b>-15 328 000</b>	<b>-10 023 000</b>	<b>-14 427 437</b>
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-17 000	-722 000	0	597 000
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
<b>Sum budsjettområde 90 Andre sentrale inntekter og kostnader</b>	<b>-15 041 524</b>	<b>-16 050 000</b>	<b>-10 023 000</b>	<b>-13 830 437</b>
<b>Sum bevillingar drift netto</b>	<b>109 853 791</b>	<b>113 734 500</b>	<b>114 906 500</b>	<b>108 344 201</b>
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-219 798	-1 851 500	0	2 208 694
Sum netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-1 120 578	-1 503 000	0	1 054 817
<b>Sum budsjettområda</b>	<b>108 513 414</b>	<b>110 380 000</b>	<b>114 906 500</b>	<b>111 607 713</b>

### Overordna kommentar

Oversikta over er tatt frå avstemmingssystemet som vert nytta i samband med avslutning av rekneskapen og viser avvik mellom budsjett og rekneskap per eining.

Einingane har samla sett eit forbruk på 98,31 % av budsjett. Ein har treft godt med budsjettet på dei fleste einingane, men nokre einingar er ganske mykje under budsjett, og er årsak, saman med dei høge skatteinntektene, i at det overordna mindreforbruket har blitt så stort som det har (4,1 mill.). Ein gjer også merksam på at nokre av einingane sine budsjett har blitt betydeleg justert i løpet av året, både oppover og nedover. Kommenterar til dei enkelte einingane følgjer i dei neste avsnitta.

**Politisk styring og kontroll****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:**

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>99,58 %</b>	<b>1 882 101</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 735 963</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		0	0	0	0
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 10 Politisk styring og kontroll</b>	<b>99,58 %</b>	<b>1 882 101</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 890 000</b>	<b>1 735 963</b>

**Kommentar:**

Rammeområdet er for det meste i tråd med budsjett. Årsaka til auka frå 2020 er at kommunen sitt nye levekårsutval hadde sine første møter hausten 2021, og at det var ekstrautgifter til stortingsval i 2021, medan i 2020 var det ikkje val i det heile.

**Stab og fellesutgifter****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:**

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>99,20 %</b>	<b>14 000 041</b>	<b>14 113 000</b>	<b>14 007 000</b>	<b>14 340 779</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		3 416	-50 000	0	286 967
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 20 Stab og fellesutgifter</b>	<b>99,58 %</b>	<b>14 003 458</b>	<b>14 063 000</b>	<b>14 007 000</b>	<b>14 627 746</b>

**Kommentar:**

Eininga inkluderer mellom anna kommunedirektøren sin stab, beredskap, fellesutgifter, stabseining Plan og utvikling, pedagogisk rådgjevar, tilskot til kyrkjeleg fellesråd, frivilligsentral, hovudtillitsvalgt og hovudverneombod.

Sum eining har blitt redusert med 4,5 % samanlikna med 2020. Dette skuldast i hovudsak at frivilligsentralen no ligg inne med eit øyremerka statstilskot som vert inntektsført direkte i eininga i staden for som tidlegare, då løyvinga til frivilligsentralen låg inne i rammetilskotet. Dette utgjør om lag kr 400.000. I tillegg så var det i 2020 ekstraordinære kostnader knytt til rekruttering av ny kommunedirektør, kor det vart kostnadsført kr 184.000 i konsulentutgifter, samt overlappingsperioden mellom avtroppande og påtroppande kommunedirektør, som gjorde at det var to lønna kommunedirektørar i 1,5-2 månadar. Utgiftene til beredskap er dryge kr 200.000 over budsjett i 2021 grunna covid-19-relaterte ekstrautgifter. Dette vart dekt inn via underforbruk i stabseininga Plan og utvikling kor det var vakanse i ei 40 % stilling deler av året.

**Kultur****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:**

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 201 Kultur</b>	<b>87,17 %</b>	<b>1 573 460</b>	<b>1 805 000</b>	<b>2 135 000</b>	<b>1 714 262</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		18 829	0	0	27 600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-109 433	-150 000	0	134 414
<b>Sum eining 201 Kultur</b>	<b>89,60 %</b>	<b>1 482 857</b>	<b>1 655 000</b>	<b>2 135 000</b>	<b>1 876 276</b>

**Kommentar:**

Eininga inkluderer ansvarsområda ungdomsklubben, kultur, ungdomsrådet, bygdebok (som vert saldert av fond) og bibliotek. Eininga har eit mindreforbruk på 10,4 %. Dette skuldast primært god utnytting av personalressursane, og at andre driftskostnader vart litt lågare enn budsjettert til dømes reisekostnader. Covid-19-restriksjonar har og bidrege til at den generelle aktiviteten har vore lågare enn normalt, som igjen har resultert i lågare kostnader, spesielt med omsyn til løyving av tilskot til kulturarrangement.

**Bygland oppvekstsenter****Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:**

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 300 Bygland oppvekstsenter</b>	<b>97,67 %</b>	<b>17 957 435</b>	<b>18 386 000</b>	<b>18 832 000</b>	<b>17 801 256</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		52 958	0	0	-78 870
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-787 584	-1 009 000	0	692 700
<b>Sum eining 300 Bygland oppvekstsenter</b>	<b>99,11 %</b>	<b>17 222 809</b>	<b>17 377 000</b>	<b>18 832 000</b>	<b>18 415 086</b>

**Kommentar:**

Eininga, som inkluderer mellom anna skule 1.-10. trinn, SFO og barnehage, har eit mindreforbruk på 0,89 % frå justert budsjetttramme. I tillegg har budsjetttramma vore justert ned med kr 850 000 inneverande år (ekskl. ordinær budsjettauke knytt til årleg lønsvekst). Dette skuldast blant anna:

Effektiv nytte av bemanningsressurs i samband med ulike typar frávær gjer til at ein ikkje har erstatta frávær fullt ut. I tillegg har ein fått refusjon for noko av fráværet som ikkje nødvendigvis har ført til auka lønskostnader. Utgifter knytte til skuleskyss og transport er reduserte. Elevtalet er minkande og elevar som er avhengig av skuleskyss er redusert. I tillegg kom det ein kreditnota på skuleskyss knytt til nedstenging i mars og april 2020 grunna covid -19 som vart ført på dette året. Skulen har gjennomført grunnskuleopplæring for vaksne etter Oppl.l § 4A-2. Utgifter har vore finansiert over fond. Behovet for denne type undervisning opphøyrde hausten 2021.

Totalt sett er det eit mindreforbruk på oppvekstsenteret, men det er ei budsjettoverskriding knytte til energiutgifter, sjølv etter at denne budsjettposten vart oppjustert. Bygningsmassen på skulen er kostnadskrevjande med tanke på utgifter knytt til energi. Avtalen eininga har på fjernvarme følgjer spotpris på straum. Med den store auka i straumprisen som har vore seinhaustes, så får det store konsekvensar for utgiftene knytt til energi. Både ENØK-tiltak og reforhandling av fjernvarme-avtale må vurderast.



Endringa frå 2020 til 2021 syner ein kostnadsreduksjon i eininga. Reduksjonen skuldast i stor grad effektiv bemanningsressurs og overføring av personell til Byglandsfjord oppvekstsenter som fører til reduksjon i lønskostnadene. Kostnadene knytt til energi er høge.

### Byglandsfjord oppvekstsenter

#### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 302 Byglandsfjord oppveksts.</b>	<b>96,34 %</b>	<b>11 612 457</b>	<b>12 053 000</b>	<b>12 057 000</b>	<b>11 217 197</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		12 533	0	0	-65 340
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 302 Byglandsfjord oppvekstsenter</b>	<b>96,45 %</b>	<b>11 624 990</b>	<b>12 053 000</b>	<b>12 057 000</b>	<b>11 151 857</b>

#### Kommentar:

Eininga, som mellom anna inkluderer skule 1.-7. trinn, SFO og barnehage, hadde eit mindreforbruk på 3,55 % i høve til regulert budsjett. Budsjettramma vart i tillegg nedjustert med kr 250.000 i 3. budsjettjustering. Dette har fleire årsaker.

Skuleåret 2021-2022 har eit lågare elevtal enn det var i 2020-2021. Hausten 2021 har difor bemanninga vore noko mindre enn i opphavelig budsjett, mellom anna ved at tilsette som har hatt studiepermisjon ikkje har blitt erstatta fullt ut, som har gitt ei økonomisk besparing. I tillegg så har bemanninga i administrasjonen vore redusert hausten 2021, mellom anna ved at ein, som ei midlartidig løysing i samband med permisjon, har hatt tenesteleiar i 50 % stilling i staden for 100 %.

Ved samanlikning av kostnadsnivået i 2020 og 2021 må ein sjå bort frå fondsbruken i 2020 på kr 65.340, som berre var ein teknisk korleksjon av ein feil frå et tidlegare rekneskapsår. Justert for dette har eininga ei kostnadsauke på 3,5 %, som er litt over deflator (veid kostnadsindeks bestående av løns- og prisvekst) som var 3,0 % i 2021. Årsaka til dette er primært ei vesentleg auke i energirelaterte kostnadar (auke på 54 %, tilsvarende kr 125.000), samt ekstraavgifter på slutten av året til barn med spesielle behov. Justerer ein for energikostnadane er kostnadsauken frå 2020 til 2021 tilnærma lik deflator.

### Helse

#### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 31 Helse</b>	<b>90,96 %</b>	<b>8 355 839</b>	<b>9 186 000</b>	<b>9 577 000</b>	<b>8 536 145</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		51 020	-50 000	0	-23 335
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		-223 561	-344 000	0	227 703
<b>Sum eining 31 Helse</b>	<b>93,08 %</b>	<b>8 183 297</b>	<b>8 792 000</b>	<b>9 577 000</b>	<b>8 740 513</b>

#### Kommentar:

Eininga har og i 2021 arbeidd med å halde budsjettramma, og resultatet blei eit mindreforbruk på kr 608 703, tilsvarende 7 %, etter revidert budsjett. Mindreforbruket skuldast at refusjonar frå Helfo, andre kommunar og refusjon sjukepengar i legetenesta har vore høgare enn budsjettet. I 2021 har det og vore mindre reise, møte og kurs aktivitet grunna covid-19, som har gjort at ein kunne justere ned budsjettet for støttekontakt og avlastning med kr 250.000 i 3. budsjettjustering.



I tillegg så har det ikkje vore mogleg å få tilsett psykolog i stillinga tross fleire utlysingar, slik at midlane som var avsett til dette i 2021 er ubruka.

## Pleie og omsorg

### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 33 Pleie og omsorg</b>	<b>99,62 %</b>	<b>34 620 961</b>	<b>34 753 000</b>	<b>31 338 000</b>	<b>34 519 509</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		3 155	0	0	846
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 33 Pleie og omsorg</b>	<b>93,63 %</b>	<b>34 624 116</b>	<b>34 753 000</b>	<b>31 338 000</b>	<b>34 520 354</b>

### Kommentar:

I 2021 vart det eit underforbruk på 0,37 %, men ein gjer merksam på at budsjettet har blitt regulert opp med 2,5 mill. (ekskl. lønsvekst) i løpet av året. Årsakene til budsjettauka følgjer i neste avsnitt.

Opphavelg budsjett var veldig stramt, og kanskje underbudsjettert på enkelte budsjettpostar. I tillegg så var det ein god del høgare utgifter grunna covid-19-situasjonen til innkjøp av smittevernsutstyr, og på grunn av høgare sjukefråvær. Eininga hadde spesielt mykje korttidsfråvær, som er det som er mest kostbart for kommunen, sidan ein ikkje får refusjon frå NAV for dei første dagane av eit sjukefråvær. Ein del av korttidsfråværet var covid-19-relatert. Desse ekstrakostnadane vart dekt inn ved ei budsjettauke på 2,5 mill. i 3. budsjettjustering. Denne budsjettauka var i stor grad dekt av covid-19-kompensasjonsmidlar frå staten.

## Drift og forvaltning

### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 35 Drift og forvaltning</b>	<b>102,14 %</b>	<b>15 601 622</b>	<b>15 274 000</b>	<b>14 854 000</b>	<b>14 248 486</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-22 556	-25 000	0	-41 951
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 35 Drift og forvaltning</b>	<b>102,16 %</b>	<b>15 579 066</b>	<b>15 249 000</b>	<b>14 854 000</b>	<b>14 206 535</b>

### Kommentar:

Dei største årsakene til overforbruket på kr 330 066 er:

- ❑ Innkjøp av reinhaldsmateriell til forbruk er kr 127 424,- høgare enn budsjettert. Covid 19 situasjonen er grunngevinga. Eingangshanskar, munnbind, handsprit og desinfeksjonsmiddel har generert kostnader som ikkje var planlagt.
- ❑ Av ubudsjetterte hendingar, så visast det til tertialrapporteringane tilsvarande avvik på omlag kr 497 000,-.
- ❑ Overføring av lønnskostnadar til investeringsprosjekt blei tilnærma kr 203 000 mot budsjettert kr 653 300,-. Dette er for lågt. Det er ei utfordring å budsjettere lønnskostnadar inn i investeringsprosjekta. Alternativet ville vori å hatt overskrindingar på investeringsprosjekta.
- ❑ 2021 har vori ekstrem i høve høge straumkostnadar. Dei totale straumkostnadane blei kr 1 271 698 mot budsjettert kr 914 000,-



- ❑ Vintervedlikehaldet blei kr 146 602 over budsjett a kr 932 000.
- ❑ Ovaførnemnde er kompensert med å søkje å redusere driftskostnadane på andre område gjennom året.
- ❑ Montering av elbilladarar var ein ekstrakostnad på kr 114 382 i 2021, men denne vil bli kompensert av tilskot frå Miljødirektoratet i 2022.

### VARF (vatn, avløp/slam, renovasjon, feiing)

#### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelag budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 40 VARF</b>	<b>56,33 %</b>	<b>1 553 267</b>	<b>2 757 500</b>	<b>1 957 500</b>	<b>146 303</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-96 052	-204 500	0	773 461
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 40 VARF</b>	<b>57,08 %</b>	<b>1 457 215</b>	<b>2 553 000</b>	<b>1 957 500</b>	<b>919 764</b>

#### Kommentar:

Samla har alle fem ansvarsområda eit underforbruk à kr 1.095.785. Underforbruket må sjåast i samanheng med at nettoinntekt på eining 90 Andre sentrale inntekter og kostnader er blitt lågare enn budsjettert. I både eining 40 og 90 skuldast budsjettavviket at det vart vedteke å endre prinsipp for levetid på anleggsmidlar i sjølvkostberekningane, som gir lågare kapitalutgifter per år.

Vassverk har eit underforbruk i høve budsjett på kr 177.000, og har i tillegg hatt eit overskot på kr 107.541 (som er sett av til fond), som gjer at totalt underforbruk er kr 284.541. Høgare inntekter på vassleveranse, fleire tilkoplingar enn budsjettert, låge renter (som gir låge kapitalutgifter) og endring av anleggsmidla si levetid i sjølvkostberekningane (som gir lågare kapitalutgifter per år) er hovudårsakane til underforbruket. Dette på tross av høgare kostnader knytt til sjølve produksjonen av vatnet. Fondet vert brukt neste gong kommunen har eit underskot på dette ansvarsområdet. Kommunen har ikkje vedteke full kostnadsinndekning på vatn, og det er berre unntaksvis at kommunen gjeng med overskot på dette området. I 2021 var dekningsgraden 105 %.

Avløp har eit underforbruk i høve budsjett på kr 766.785, som skuldast at kapitalutgiftene knytte til sjølvkostberekningane vart kr 871.192 lågare enn budsjettert. Ikkje budsjetterte vedlikehaldstiltak og høge straumkostnader veier i nokon grad opp for det store mindreforbruket i sjølvkostberekningane. Inntektene frå kommunale avgifter var til gjengjeld litt høgare enn budsjettert, så det vert likevel eit stort mindreforbruk på avløp i 2021. Kommunen har ikkje vedteke full kostnadsinndekning på avløp og dekningsgraden i 2021 var 75,7 %. Det betyr at kommunen subsidierer innbyggjarane med 24,3 % av dei totale avløpskostnadane.

Slam hadde eit underskot på kr 106.125 som vart dekt av det øyremerkta sjølvkostfondet for slam. Det bundne fondet på området utgjer nesten kr 200.000. I motsetnad til for avløp og vassverk, så må gebyrinntektene på slamområdet dekke inn kostnadane fullt ut (sjølvkost). Hovudtømming av private slamtankar skjer anna kvart år og det var ikkje hovudtømming i 2021. Dette er hovudårsaka til at dekningsgraden berre var 60,5 % i 2021 (i 2020 var den 143 %, til samanlikning).

Renovasjon hadde eit overskot på kr 70.100, som vert sett av til fond. Renovasjonsgebyra vart redusert samanlikna med 2020, med det mål å gå i underskot (kommunen må dekkje inn overskot på renovasjon innan fem år), men det enda likevel med eit utilsikta overskot. Dette skuldast at kostnadane knytte til kjøp av renovasjonstenester frå Setesdal Miljø og Gjenvinning vart om lag kr 220.000 lågare enn budsjettert. Opparbeida sjølvkostfond på nesten 1,79 mill. gjer at kommunen også i 2022 har vedteke å redusere renovasjonsgebyra ytterlegare, denne gonga med 15 %. Som for slam, så må kommunen ha full kostnadsinndekning på dette området. Dekningsgraden i 2021 var på 101,3 %.



Feiing hadde eit underskot på kr 174.445 som vart dekt av fond. Det har vore ei kostnadsauke innan feieområdet i 2021 samanlikna med 2020 grunna ekstra lønskostnader og utgifter til registrering av piper på fritidsbustadar. Det har teke og vil ennå take noko kapasitet å ajourføre nødvendige register for feiing av piper på fritidsbustadar. Underskotet i 2021 var likevel planlagt, sidan kommunen har hatt overskot på feieområdet sidan 2017. Kommunestyret har vedteke at kommunen skal ha full kostnadsinndekning på feiing. I 2021 var dekningsgraden 78,1 %.

## Store prosjekt

### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Forbruk 2021	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelig budsjett	Rekneskap 2020
<b>Bevilling drift, netto eining 41 Store prosjekt</b>	<b>89,92 %</b>	<b>1 630 175</b>	<b>1 813 000</b>	<b>1 450 000</b>	<b>1 456 472</b>
Overføring til investering		0	0	0	0
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-239 508	-500 000	0	716 100
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0
<b>Sum eining 41 Store prosjekt</b>	<b>105,92 %</b>	<b>1 390 667</b>	<b>1 313 000</b>	<b>1 450 000</b>	<b>2 172 572</b>

### Kommentar:

Eininga inneheld følgjande driftsprosjekt i 2021:

- Reguleringsplan Ose
- Ras- og flaumsikringsprosjekt
- Setesdal Vekst
- Vedlikehaldsmidlar covid-19
- Reguleringsplan Byglandsfjord
- Gnist
- Prosjekt gratis tomter

Reguleringsplan for Ose bygdesenter har blitt revidert i høve innspel og motsegn som kom ved 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Det har vore dialog med mynde og med grunneigarar. Grunna større endringar i planforslaget, så blir planen lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn i 2022. Arbeidet etter 1. gongs behandling er utført av administrasjonen. Det var eigentleg ikkje budsjettert med kostnader til reguleringsplanen på Ose i 2021, men dei kostnadane som har vore, har vore lønsmidlar knytt til eigeninnsats kommunen har hatt på reguleringsplanen.

Ras- og flaumsikringsprosjektet var eigentleg budsjettert med i 2021, men her vart det ingen kostnader grunna at ein ikkje rakk å gjere ferdig anbudsprosessen innan året var omme. Desse kostnadane kjem i 2022 i staden. Planen er å bestille ei flaumutgreiing for Åraks- og Byglandsfjorden som ein del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

I følgje kommunal planstrategi skulle prosess for revidering av reguleringsplan for Byglandsfjord ha oppstart i 2021. Det er inngått avtale med plankonsulent og revideringsprosessen er starta, men det har uansett berre vore mindre kostnader til denne planen i 2021.

Setesdal Vekst enda om lag kr 225.000 under budsjett i 2021. Setesdal interkommunalt politisk råd sin del av underforbruket er sett av til bunde fond. Underforbruket frå Setesdal Vekst vart brukt inn i stad- og næringsutviklingsprosjektet Gnist, som har blitt ei prioritert satsing i kommunen i løpet av 2021. Gnist vart gjennomført i samarbeid med Agder fylkeskommune og innovasjonsklyga Nordic Edge. Gjennom digitale ideverkstadar og ei spørjeundersøking vart innbyggjarar, næringsliv, frivillige og tilsette involvert for å kartlegge dei viktigaste utfordringane kommunen har i forhold til stad- og næringsutvikling, og for å få innspel til korleis vi kan løyse desse. Arbeidet blir vidareført i 2022.

Vedlikehaldsmidlar covid-19 (kr 500.000) er brukt til å gi Skrelandsvegen eit vedlikehaldsmessig lyft.



Kostnaden til gratis tomter var i tråd med budsjett (kr 200.000). Når kommunen gjev bort ei tomt, skal den utgiftsførast i driftsrekneskapen som eit tilskot, og inntektsførast i investering som eit sal, tilsvarande den opphavlege salsverdien av tomta. I 2021 er det gjeve bort ei tomt i Fjellvegen på Byglandsfjord.

## Eksterne samarbeid

### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Forbruk	Rekneskap 2020	Endring frå 2020 til 2021
Fellesutgifter	418 491	390 000	107,31 %	710 038	-41,06 %
Kontrollutvalet	134 000	134 000	100,00 %	134 000	0,00 %
Revisjon	626 250	670 000	93,47 %	635 000	-1,38 %
IKT	2 882 992	2 575 000	111,96 %	2 909 797	-0,92 %
PPT	725 464	773 000	93,85 %	712 381	1,84 %
Musikk og kulturskule	404 511	425 000	95,18 %	351 792	14,99 %
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	425 600	424 000	100,38 %	414 400	2,70 %
Setesdal barnevern	4 493 187	4 829 000	93,05 %	4 768 196	-5,77 %
Legevakt	819 286	691 000	118,57 %	802 093	2,14 %
Kommunal øyeblikkelig hjelp	523 100	522 000	100,21 %	509 300	2,71 %
Lokalmedisinske tenester	705 032	744 000	94,76 %	626 912	12,46 %
Setesdal Brannvesen IKS	2 629 998	2 630 000	100,00 %	2 386 204	10,22 %
NAV Midt-Agder	1 303 044	1 850 000	70,43 %	1 826 295	-28,65 %
Vassdragstyre for øvre Otra	13 408	75 000	17,88 %	274 531	-95,12 %
<b>Netto driftsramme</b>	<b>16 104 363</b>	<b>16 732 000</b>	<b>96,25 %</b>	<b>17 060 939</b>	<b>-5,61 %</b>

### Kommentar:

Under fellesutgifter ligg det nokre kostnadar til settesakshandsamar som det ikkje var budsjettert for.

Setesdal IKT har ei overskriding på om lag kr 308.000, som primært skuldast behov og oppgraderingar som har dukka opp i løpet av året, som ikkje låg inne i opphavleg budsjett. Det kan og leggjast til at det opphavlege budsjettet var veldig stramt.

Setesdal barnevern har underforbruk i høve til budsjett på nesten 7 %, og 5,77 % kostnadsreduksjon samanlikna med 2020. Dette skuldast mellom anna at barnevernet hadde nedgang i talet på bekymringsmeldingar og undersøkingar. Talet på tiltakssakar og barn som har motteke tiltak frå barnevernstenesta i løpet av året er også redusert. Talet på barn i fosterheim er stabilt dei to siste åra.

Barnevernet har i tillegg jobba med å redusere bruken av kostbare konsulenttenester kjøpt frå private aktørar, som tidlegare vart brukt til rettleiing i heimen. Denne rettleiing utfører barnevernet no med eigen bemanning. Det har også vore fokus på å dreie utgiftene frå tiltak utanfor heimen til tiltak i heimen, i tillegg til at utgifter til juridisk bistand har hatt ein nedgang. Alt dette har resultert i den nemnte kostnadsreduksjonen frå 2020 til 2021, og det trass i at kommunen hadde kr 200.000 i ekstraordinære kostnadar i 2021 til forlik i ei sak.

Utover dette viser ein til årsmeldingane til dei einskilde samarbeida.



## Andre sentrale inntekter og kostnader

### Netto driftsutgifter for budsjett og rekneskap for 2021:

	Rekneskap 2021	Regulert budsjett 2021	Forbruk	Rekneskap 2020	Endring frå 2020 til 2021
Mva-kompensasjon	-3 885 247	-3 700 000	105,01 %	-3 969 241	-2,12 %
Konsesjonskraft-/avgifter	-7 809 250	-7 840 000	99,61 %	-6 811 176	14,65 %
Bruk næringsfond	1 670 261	1 660 000	100,62 %	1 963 978	-14,96 %
Sjølvkost	-2 854 420	-4 200 000	67,96 %	-2 401 293	18,87 %
Premieavvik	-1 762 159	-1 900 000	92,75 %	889 076	-298,20 %
Pensjonsføringer	-224 939	-70 000	321,34 %	-2 979 597	-92,45 %
Anna	-175 769	0	-	-522 184	-66,34 %
<b>Netto driftsramme</b>	<b>-15 041 524</b>	<b>-16 050 000</b>	<b>93,72 %</b>	<b>-13 830 437</b>	<b>8,76 %</b>

### **Kommentar:**

Det største avviket beløpsmessig er på sjølvkost, men dette må sjåast i samanheng med at det er tilsvarende avvik «motsatt veg» på eining 40 VARF.





## 1.4 Bevilingsoversikt investering

	Note	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020
1 Investeringar i varige driftsmidlar	4, 18	5 254 056	8 786 000	7 385 000	26 297 530
2 Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0
3 Investeringar i aksjar og andeler i selskap	5	458 563	459 000	550 000	499 549
4 Utlån av egne midlar	6	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	7	0	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>		<b>5 712 619</b>	<b>9 245 000</b>	<b>7 935 000</b>	<b>26 797 079</b>
7 Kompensasjon for meirverdiavgift		-279 161	-612 200	-415 000	-1 380 529
8 Tilskot frå andre	19	-966 943	-900 000	-800 000	-1 208 000
9 Sal av varige driftsmidlar		-1 000 000	-1 015 000	-1 300 000	-268 297
10 Sal av finansielle anleggsmidlar		0	0	0	0
11 Utdeling frå selskap		0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0	0
13 Bruk av lån		-3 089 618	-6 340 903	-4 870 000	-23 258 600
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>		<b>-5 335 722</b>	<b>-8 868 103</b>	<b>-7 385 000</b>	<b>-26 115 426</b>
15 Vidareutlån (startlån)	6	0	1 000 000	1 000 000	0
16 Bruk av lån til vidareutlån		0	-1 000 000	-1 000 000	0
17 Avdrag på lån til vidareutlån	7	382 509	500 000	500 000	1 077 843
18 Mottatte avdrag på vidareutlån		-809 557	-800 000	-500 000	-996 909
<b>19 Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>-427 048</b>	<b>-300 000</b>	<b>0</b>	<b>80 935</b>
20 Overføring frå drift Netto avsetningar til eller bruk av bundne		0	0	0	0
21 investeringsfond Netto avsetningar til eller bruk av ubundet	10	427 048	300 000	0	-80 935
22 investeringsfond		-559 000	-559 000	-550 000	-499 549
23 Dekning av tidligare års udekka beløp		182 103	182 103	0	0
<b>24 Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>		<b>50 151</b>	<b>-76 897</b>	<b>-600 000</b>	<b>764 615</b>
<b>25 Framført til inndekning i seinere år (udekka beløp)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>182 103</b>

### Investeringsutgifter

Line 1, investeringar i varige driftsmidlar, vert kommentert i avsnitt 1.5 Bevilingsoversikt drift, til fordeling. Kjøp av aksjar og andelar gjeld eigenkapitaltilskot til KLP, samt aksjekapital til etablering av Syrtveit Næringsområde AS, og samsvarar med budsjett. Dette vert dekt av ubunde investeringsfond.

### Investeringsinntekter

Kompensasjon frå meirverdiavgift vart betydeleg lågare enn budsjettert grunna at ein del av prosjekta som gjev meirverdiavgiftskompensasjon hadde mindreforbruk, eller at ein ikkje kom så langt på prosjekta som budsjettert.



## Vidareutlån

Det har ikkje blitt innvilga startlån i 2021. Nettoinntekter på kr 427.048 vert sett av til «avdragsfond» for startlån. Mottekne avdrag er såpass mykje høgare enn utbetalte avdrag fordi det er nokre startlån som har blitt innfridd av låntakarane i 2021.

## 1.5 Bevillingsoversikt investering, til fordeling

	Rekneskap 2021	Regulert budsjett	Opphavelg budsjett	Rekneskap 2020	
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>					
<b>Prosjektnr. og -navn</b>					
559	Reinseanlegg og brannstasjon Bygland	519 455	520 000	0	20 472 197
563	Rehabilitering av kloakkreinse- og pumpestasjonar Forprosj. tilstandskartl., drift og vedlikehald av VA- og overflatevassystem	0	0	0	694 865
565	Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng	1 349 235	1 400 000	1 400 000	65 845
567	Sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø	102 955	100 000	100 000	0
568	Luftesystem og blåsemaskiner Byglandsfjord reinseanlegg	240 151	300 000	300 000	152 195
570	Ny avlaupsbil - 2021	453 764	450 000	400 000	0
572	Sjøleidning avlaup Byglandsfjord	301 848	300 000	0	0
602	Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter	290 760	279 000	0	368 273
603	Turveg Byglandsfjord	2 600	50 000	400 000	40 954
604	Nytt doseringsutstyr til symjehallen	202 103	202 000	150 000	0
605	Uteareal Bygland barnehage	0	0	0	570 490
752	Utbygging av gateljos	0	0	300 000	365 642
804	Kartverk - Geovekstprosjektet	0	0	150 000	0
809	Sal bustader	113 302	100 000	0	0
817	Kjøp tomtegrunn	652 535	800 000	1 100 000	140 860
828	IFK-plan (idrett, friluftsliv og kultur)	83 582	150 000	150 000	0
847	Utvikling av Presteneset	137 379	1 250 000	0	2 080 585
848	Kjøle og ventilasjonssystem Byglandsheimen	0	0	0	274 232
869	Bygland kulturscene	0	0	0	10 451
875	Brannsikring trehusbebyggelsen på Ose	0	0	0	190 762
877	Lokale for ungdomsklubben m.fl.	71 887	200 000	200 000	29 300
878	Stasjonsområdet Byglandsfjord	118 027	200 000	200 000	119 620
881	Nye plenklypparar - 2020	0	0	0	391 398
883	ENØK-tiltak Byglandsheimen	345 897	200 000	200 000	126 297
885	Ny sandfeiemaskin - 2020	0	0	0	203 564
886	Nye tilhengarar - 2021	134 219	135 000	125 000	0
887	Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen	10 938	50 000	150 000	0
888	Kjøletiltak Sagmoen	115 445	200 000	200 000	0
890	Leilegheit Bygland	7 974	1 900 000	1 700 000	0
	<b>Sum investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>5 254 056</b>	<b>8 786 000</b>	<b>7 385 000</b>	<b>26 297 530</b>

## Kommentarar til kvart prosjekt

### **Prosjekt 559: Reinseanlegg og brannstasjon Bygland**

Forseinkingar med hovudårsak covid 19, medført overføring av kostnadar til 2021 for dette prosjektet.



**Prosjekt 567: Rehabilitering av Byglandsfjord høgdebasseng**

Det var eit ønskje om å fullføre prosjektet i 2020. Då Covid – 19 situasjonen oppstod, så blei det konkludert med å utsette prosjektet til ein viste meir omkring smittesaka. I 2021 gjekk prosjektet etter planen og gav eit underforbruk i høve budsjett a kr 50 765,-

**Prosjekt 568: Skisseprosjekt Sjøleidning frå Austad vassverk til Åraksbø**

Rambøil vart engasjert til å vurdere moglegheitene med tanke på å sikre vassforsyninga for komande utfordringar. Rapporten blir teken med vidare som grunnlagsdokument i høve arbeidet med overordna VA – plan i 2022. Overforbruk i høve budsjett er kr 2 954,-.

**Prosjekt 569: Luftesystem og blåsemaskinar Byglandsfjord reinseanlegg**

Utifrå kapasitet blei dette prosjektet nedprioritert i 2020. I 2021 blei prosjektet gjennomført og gav eit underforbruk i høve budsjett a kr 59 849,-. Anlegget er etter endringa blitt lettare å drifte med tanke på reinsekraft, tilsyn og kostnader.

**Prosjekt 570: Ny avlaupsbil - 2021**

Innkjøpsprisen blei kr 453 763 i høve budsjettet kostnad a kr 450 000,-. Bilen er Bygland kommune sin første EL – bil og den fungerer veldig greit. Nytt ladepunkt på Bfjord RA blei etablert i samband med innkjøpet.

**Prosjekt 572: Sjøleidning avlaup Byglandsfjord**

Oppstått behov i løpet av året. Eksisterande leidning frå Meieriet som går i fjorden var utslitt. Den flaut jamt opp og det var lekkasjar. Ny leidning vart ferdigstilt i tråd med budsjett.

**Prosjekt 602: Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter**

Prosjektet er ferdigstilt med eit overforbruk a kr 11 948,-. Overforbruket har sin årsak i å få til ei heilskapleg løysing med uteljos på parkeringsarealet.

**Prosjekt 603: Turveg Byglandsfjord**

Prosjektet vart teke omsyn til i arbeidet med stasjonsområdet sidan desse to prosjekta er nært knytt til kvarandre. Det blir vurdert om turvegen skal inngå i revideringa av reguleringsplan for Byglandsfjord.

**Prosjekt 604: Nytt doseringsutstyr til symjehallen**

Prosjektet er ferdigstilt med eit overforbruk i høve budsjett a kr 103,-. Symjehallen sitt tekniske anlegg ber preg av alderdom, og fleire forhold ved anlegget bør vurderast nærmare med tanke på utskifting av teknisk delar. Ein kjem attende til det i budsjettet for 2023.

**Prosjekt 809: Sal av bustadar**

Femmannsbustaden Femstad blei seld. Overforbruket a kr 12 865 i høve budsjett skuldast lønnsføring på prosjektet. Salsprosessen var tidkrevjande i høve mange uklare faktorar ved eigeidomen som måtte klarerast.

**Prosjekt 817: Kjøp tomtegrunn**

Det lukkast å frikjøpe tomtearealet til gamle prestegarden frå Opplysningsvesenets fond. Frikjøp av ytterlegare areal blir arbeid med fråmleis.

**Prosjekt 828: IFK-plan**

Leikeplass i Prestlidi er prioritert prosjekt i 2021. Sidan ein ikkje vart heilt ferdig med prosjektet, vert det vidareført til 2022.

**Prosjekt 847: Utvikling av Presteneset**

Kostnader knytte til opparbeiding av nærings- og bustadareal på Presteneset. Budsjettavviket skuldast at ein ikkje rakk å begynne fullt på prosjektet før nyttår. Budsjettbeløp til gode i 2021 vert overført til 2022. Parallelt har kommunen også delteke i konkurransen Gnist med fokus på utvikling av området på Presteneset. Søknaden hadde fokus på samskaping, innovasjon og attraktivitet. Søknaden nådde ikkje heilt opp, men kommunen var med som følgekomune. Det blir arbeidd vidare med utvikling av området gjennom ein moglegheitsstudie som skal visualisere utviklingsmoglegheitene, og gjennom konkretisering av tiltak.

**Prosjekt 877: Lokale for ungdomsklubben m.fl.**

Med ønske om å sjå på potensialet for sambruk av kommunale bygningar i sentrum, så er lokale for ungdomsklubben kopla til dette. Prosjektet vart sett på vent for å samkøyre det med Gnist innovasjonsprosjektet som ser på både sentrum og Presteneset, og delvis grunna covid-19-restriksjonar.

**Prosjekt 878: Stasjonsområdet Byglandsfjord**

Prosjektet fekk tilskot frå Gjensidigestiftelsen til utvikling av naturmøteplass på området. Søknaden var basert på moglegheitsstudien. Det har blitt arbeidd med avklaringar med omsyn til tiltak innafor freda område og utarbeiding av søknadar.

**Prosjekt 883: ENØK – tiltak Byglandsheimen ( førebuing for anbodskonkurranse m m )**

Dette prosjektet blei meir ressurskrevjande en førespeglar. For å lage ein konkurranse som gav opning for å levere tilbud frå flest mogleg leverandørar og få moglegheiter for å velje beste alternativ, så måtte fleire grunnlagsdata kartleggjast / oppdaterast. Tekniske endringar, og ulike tekniske løysingar på ulike delar av bygget gjorde dette meir krevjande en forutsett.

**Prosjekt 886: Nye tilhengarar - 2021**

Innkjøpet er gjennomført i samsvar med budsjett.

**Prosjekt 887: Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen**

Ein såg her føre eit større føre – og kartleggingsarbeid enn behovet har vist. Målsetjinga er å få etablert nytt system i løpet av 2022 ved å nytte ein felles innkjøpsavtale i regi av OFA.

**Prosjekt 888: Nytt kjølesystem Sagmoen**

Innkjøpet er gjennomført og tiltaket er på plass til ein kostnad på kr 84 555,- rimelegare enn budsjettet.

**Prosjekt 890: Leiligheit Bygland**

Leiligheita vart ikkje ferdig innan nyttår og prosjektet vert difor skyve til 2022.

## 1.6 Balanserekneskap

### Omløpsmidlar

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Endring i kroner	i %
Bankinnskot og kontantar	61 495 350,48	63 056 546,22	-1 561 195,74	-2,48 %
Obligasjonar (omløpsmidlar)			0,00	
Sertifikat			0,00	
Kundefordringar	6 041 244,71	3 158 208,23	2 883 036,48	91,29 %



Konserninterne kortsiktige fordringar	1 099 104,14	830 462,76	268 641,38	32,35 %
Derivat			0,00	
Andre kortsiktige fordringar	5 202 940,38	3 783 887,75	1 419 052,63	
Aksjar og andeler (omløpsmidlar)			0,00	
Premieavvik	15 017 968,13	13 499 681,13	1 518 287,00	11,25 %
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>	<b>88 856 607,84</b>	<b>84 328 786,09</b>	<b>4 527 821,75</b>	<b>5,37 %</b>

**Kommentar:**

Likviditeten er redusert samanlikna med 2020 først og framst fordi siste hovudfakturering på kommunale avgifter i 2021 vart fakturert med forfallsdato i 2022, medan i 2020 ble siste hovudfakturering fakturert med forfallsdato i 2020. Dette gjer også at kundefordringar er nesten dobbelt så høg i 2021 samanlikna med i 2020. Akkumulert premieavvik reknar ein med vil reduserast på lengre sikt sidan kommunen må amortisere («skrive ned») balanseførte premieavvik med 1/7 kvart år. Amortiseringa vert å sjå på som ein kostnad i rekneskapen, og denne kostnaden er venta å bli større med åra, i og med at premieavvika dei siste åra har vore på fleire millionar. Kommunen har difor satt av kr 5 millionar på fond som kan nyttast i dei åra kor inntektsført premieavvik vert lågare enn dei kostnadsførte amortiseringane.

**Anleggsmidlar**

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Endring i kroner	i %
Pensjonsmidlar	238 472 588,35	240 737 569,00	-2 264 980,65	-0,94 %
Aksjar og andeler (anleggsmidlar)	15 615 140,00	15 156 578,00	458 562,00	3,03 %
Utlån (anleggsmidlar)	6 841 665,10	7 653 622,10	-811 957,00	-10,61 %
Konserninterne langsiktige fordringar			0,00	
Utstyr, maskiner og transportmidlar	6 940 672,74	7 228 112,58	-287 439,84	-3,98 %
Faste eigedomar og anlegg	207 336 536,40	211 702 530,61	-4 365 994,21	
Immaterielle eigendeler			0,00	
Obligasjonar (anleggsmidlar)			0,00	
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>475 206 602,59</b>	<b>482 478 412,29</b>	<b>-7 271 809,70</b>	<b>-1,51 %</b>

**Kommentar:**

Tabellen syner utviklinga i anleggsmidla frå 2020 til 2021. Samla vart anleggsmidla redusert med kr 7,3 millionar. Reduksjonen i anleggsmidlar skuldast primært reduksjon i pensjonsmidlar og faste eigedomar og anlegg. Kommunale pensjonsordningar er finansierte gjennom fondsopplegg. Dette inneber at det blir betalt inn midlar til pensjonsordninga til dekning av framtidige pensjonsutbetalingar. Formålet med dette er å sikre at dei tilsette har dekning for sine tente rettar til einkvar tid. Det er desse midlane som er inkludert i dei dryge 238 millionane kommunen har i pensjonsmidlar. Avskrivningar av anleggsmidlar utgjorde kr 9,1 millionar i 2021, medan årets tilgang (aktiverte nyinvesteringar for 2021) utgjorde om lag 5,1 millionar. Balanseført verdi av faste eigedomar og anlegg har derfor blitt redusert.

**Kortsiktig gjeld**

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Endring i kroner	i %
Likviditetslån			0,00	
Anna kortsiktig gjeld	-16 492 344,82	-16 205 841,01	-286 503,81	1,77 %
Konsernintern kortsiktig gjeld	-932 434,26	-575 778,01	-356 656,25	61,94 %
Derivat			0,00	
Leverandørgjeld	-6 051 475,64	-6 487 392,51	435 916,87	
Premieavvik	-393 805,00	-637 677,00	243 872,00	-38,24 %
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>-23 870 059,72</b>	<b>-23 906 688,53</b>	<b>36 628,81</b>	<b>-0,15 %</b>

**Kommentar:**

Den kortsiktige gjelda er tilnærma lik som i 2020. Konsernintern kortsiktig gjeld utgjør ca. kr 0,9 millionar av den forpliktinga. Dette er kortsiktig gjeld til IKS, kommunale føretak og liknande som kommunen er med i. Negative premieavvik er balanseført som kortsiktig gjeld. Desse premieavvika skal og amortiserast dei komande åra, men i motsetnad til dei positive premieavvika som er balanseført som kortsiktige fordringar, vil amortiseringa av desse premieavvika ha ein positiv effekt på kommunen sitt driftsrekneskap. Ser ein desse tala i samanheng med tala i avsnittet om omløpsmidlar, kan ein seie at netto premieavvik til amortisering (utgiftsføring) i komande år er lik kr 14,6 millionar (opp frå 12,9 millionar i 2020).

**Langsiktig gjeld**

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Endring i kroner	i %
Pensjonsforplikting	-240 740 974,44	-252 794 231,61	12 053 257,17	-4,77 %
Obligasjonslån			0,00	
Obligasjonslån med forfall i neste rekneskapsår			0,00	
Sertifikatlån			0,00	
Gjeld til kredittinstitusjonar	-146 931 975,68	-147 342 008,60	410 032,92	-0,28 %
Konsernintern langsiktig gjeld			0,00	
<b>SUM LANGSIKTIG GJELD</b>	<b>-387 672 950,12</b>	<b>-400 136 240,21</b>	<b>12 463 290,09</b>	<b>-3,11 %</b>

**Kommentar:**

Oversikta syner at langsiktig gjeld utover auka pensjonsforplikting, har gått ned med cirka kr 0,4 millionar. Kommunen betalte kr 5,9 millionar i ordinære avdrag i 2020, medan det vart teke opp eit nytt lån på kr 5,9 mill. Av andre lån er ca. kr 8,9 millionar knytt til startlån, som er en reduksjon på 0,4 mill. Pensjonsforpliktinga er redusert med ca. kr 12 millionar. Samla avvik mellom midlar og forplikting knytt til pensjon er på 2,2 millionar i negativ retning (ned frå 12,1 millionar i 2020).

**Eigenkapital**

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Endring i kroner	i %
Bundne driftsfond	-27 481 498,69	-27 593 801,13	112 302,44	-0,41 %
Ubundet investeringsfond	-619 845,61	-1 178 845,61	559 000,00	-47,42 %



Bundne investeringsfond	-687 552,73	-260 504,65	-427 048,08	163,93 %
Disposisjonsfond	-31 980 531,25	-30 164 311,84	-1 816 219,41	6,02 %
Prinsippendr, som påverkar arbeidskapitalen invest.			0,00	
Prinsippendr, som påverkar arbeidskapitalen drift	1 951 787,00	1 951 787,00	0,00	0,00 %
Meirforbruk i driftsrekneskapen			0,00	
Udekket beløp i investeringsrekneskapen		182 103,31	-182 103,31	-100,00 %
Kapitalkonto	-93 702 559,31	-85 700 696,72	-8 001 862,59	9,34 %
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>-152 520 200,59</b>	<b>-142 764 269,64</b>	<b>-9 755 930,95</b>	<b>6,83 %</b>

**Kommentar:**

Tabellen syner utviklinga frå 2020 til 2021. Disposisjonsfondet har auka med 1,8 mill. til nesten 32 mill. og består av følgjande fond per 31.12.21:

<b>Fond</b>	<b>Saldo</b>
Disposisjonsfond	7 235 178
Bygdebokfond	2 069 285
DFV Fond	1 000 000
Flyktingefond	12 578 336
Rentefond	1 000 000
Bygland oppvekstsenter	160 934
Premiefond Pensjon	5 000 000
Meirforbruk/mindreforbruk	2 936 798
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>31 980 531</b>

Som nemnt i avsnittet over, vil premiefondet kunne brukast i dei åra kor nettoeffekten av premieavvika er negativ. Her må det rett nok nemnast at netto premieavvik til utgiftsføring i kommande år utgjer om lag kr 14,6 millionar, så premiefondet er i så måte for lite til å dekkje kommande utgifter knytte til amortisering av premieavvik. Kommunen har all langsiktig gjeld med flytande rente, då dette er mest gunstig slik det er no. Rentefondet er i så måte ein «buffer» i fall renta skulle auke uventa mykje eit år.

*Bundne* fond er auka med om lag kr 0,1 mill. sidan 2020. Dette skuldast primært øyremerka tilskot som har blitt tilført kommunen i løpet av året, som ikkje har blitt brukt opp. Bundne fond er spesifisert i note 10 i rekneskapsversikta.





## 1.7 KOSTRA: Finansielle nøkkeltal, analyse og prognose

### 1.7.1 Ein kort analyse av dei finansielle nøkkeltala

Som forlenging av rekneskapskommentarane ovanfor, vil ein i dette delkapitlet vise dei finansielle nøkkeltala frå KOSTRA for 2021. Merk at dette er ureviderte tal per 15.03.22. Ein har valt å samanlikne kommunen med gjennomsnittet for KOSTRA kommunegruppe 14, som inkluderer kommunar med 600 til 1999 innbyggjarar og låge eller middels frie disponible inntekter per innbyggjar. Ein har i tillegg valt å samanlikne kommunen med kommunane Åmli, Iveland og Hægebostad, som er dei andre Agder-kommunane som høyrer til i KOSTRA-gruppe 14.

	Bygland	Åmli	Iveland	Hæge- bostad	Kostragr. 14
Netto driftresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	1,0	6,6	5,7	0,8	4,2
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	34,5	34,6	40,9	24,0	29,0
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	13,4	35,0	-8,0	35,4	28,5
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	91,9	83,4	62,4	92,4	90,2
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	88510	89891	81855	80443	85872
Fri eigenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	22,6	26,0	33,7	11,4	18,5
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	4,0	7,3	14,4	2,2	11,6
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	48,9	62,3	21,8	98,5	33,4

Netto driftsresultat er det same som rekneskapsmessig mindreforbruk («overskot») før fondsdisponeringar. Som ein ser av den økonomiske driftsoversikta i delkapittel 1.1, samt tabellen ovanfor, så er Bygland kommune sitt netto driftsresultat positivt, men ein ser og at netto driftsresultat er ein del lågare enn det er for Åmli, Iveland og gjennomsnittet i kommunegruppa. Dette kan i nokon grad skuldast planlagd bruk av disposisjonsfond (flyktingefond, fond Bygland oppvekstsenter og bygdebokfond) på om lag kr 1 mill. Korrigerer ein for dette, vert netto driftsresultat 1,7 % av brutto driftsinntekter, som likevel er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa. Når ein samanliknar med budsjett for 2021, og då spesielt opphavelag budsjett, så må ein likevel kunne seie at kommunen har hatt ei positiv økonomisk utvikling i løpet av året.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Jo høgare tal, dess betre likviditet. Her kan kommunen vise til tal som er vesentleg høgare enn kommunegruppa, men det må presiserast at den bundne delen av næringsfondet (17,7 mill.) og er inkludert i dette talet.

Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter på 13,4 % indikerer at ei renteoppgang på 1 prosentpoeng isolert sett vil «ete» 0,134 % av driftsinntektene. Dette talet viser altså i kva for grad kommunen er sårbar mot rentesvingingar. Som ein ser, så er dette talet lågare enn snittet for KOSTRA-gruppe 14.

Når det gjeld gjeldsbelastning ser ein at kommunen ligg litt høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppa, og vesentleg høgare enn Iveland og Åmli. Kommunen ligg også betydeleg over sitt finansielle måltal på dette området, eit måltal som er i tråd med Statsforvaltaren si anbefaling (75). Målet er å redusere gjelda i løpet av dei kommande åra, noko økonomiplanen for 2022-2025 også legg opp til.

### 1.7.2 Utvikling i dei finansielle nøkkeltala 2016-2020

	Bygland				
	2017	2018	2019	2020	2021
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter (%)	3,3	-0,3	-5,4	1,2	1,0
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter (%)	43,8	36,7	27	34,2	34,5
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (%)	3,5	8,6	34,9	39,8	13,4
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i % av brutto driftsinntekter (%)	81,4	80	80,7	90,2	91,9
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	74834	77667	81204	84764	88510



Fri egenkapital drift (= disp. fond) i % av brutto driftsinntekter (%)	27,9	26	18,8	23,7	22,6
Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter (%)	6,2	5,7	13,6	15,8	4,0
Egenfinansiering av investeringene i % av totale brutto investeringar (%)	59,4	-19,6	15,7	11,6	48,9

Likviditeten, representert ved arbeidskapital, vart kraftig redusert i 2019, som var et særst dårleg økonomisk år, men har i 2020 auka til 34,2, som ikkje er så langt unna nivået i 2018. I 2018 var det planlagd bruk av disposisjonsfond som gjorde at likviditeten vart svekka i høve 2017. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) har for det meste auka i samsvar med nivået på deflator i perioden 2016-2018. Stabilt innbyggjartal i den perioden var i stor grad årsaka til det. Innbyggjartalet i 2019 og 2020 har gått kraftig ned, noko som gjer at frie inntekter per innbyggjar vert, relativt sett, høgare. Det er ikkje dermed sagt at kommunen sine samla frie inntekter har auka i same grad.

Nivået på langsiktig gjeld frå 2017 til 2021 kan sjåast i direkte samanheng med endringane i brutto investeringsutgifter. Færre og mindre investeringar i 2016-2018 førte til at kommunen reduserte gjelda noko. Dette var ein bevisst strategi etter investeringa i fleirbrukshallen på Bygland i 2015, som var rekna for å vere ein relativt stor investering sett i samanheng med dei økonomiske storleikane elles i kommunen. I tillegg har ein visst at det låg inne i økonomiplanen at kommunen måtte investere i eit nytt reinseanlegg på Bygland i eit av dei nærmaste åra, ei investering på godt over 30 mill. Denne investeringa blei begynt på i 2019 og er hovudårsaka til at måtalet for langsiktig gjeld gjekk litt opp i 2019, og vesentleg opp i 2020, som det også var signalisert i årsmelding for 2019 og økonomiplanen for 2021-2024. Talet i 2021 er ikkje fullt så høgt som i prognosane i økonomiplanen for 2022-2025, men dette er fordi faktiske brutto driftsinntekter alltid blir høgare enn budsjettert sidan ein ikkje budsjetterer med inntekter frå sjukerefusjon mv.

Endring i nivået på disposisjonsfondet har primært samanheng med kommunen sitt økonomiske resultat det aktuelle året, og til dels om det er avsett store integreringstilskot flyktningefondet, og om det har vore ekspansiv bruk av øyremerka disposisjonsfond (bygdebokfond, flyktningefond mv.). Reduksjonen frå 2017 til 2018 skuldast først og fremst planlagd bruk av disposisjonsfondet til vedlikehald av veg, samt honorar til bygdebokforfattaren. Inntektene frå integreringstilskot ser ein har minka i 2019, og dei har fortsatt å minke i 2020 og 2021, så 2021 vart første året kor kommunen måtte bruke av flyktningefondet i staden for å sette av midlar til det. For talet «fri egenkapital i prosent av brutto driftsinntekter» har kommunestyret vedteke eit måltal på 15 %, som vart gjeldande frå og med 2020. Ein ser no at kommunen ligg litt over dette måtalet, men med prognosane ein opererer med for perioden 2022-2025 vil kommunen vere under dette talet innan perioden er over. Merk at reduksjonen i dette måtalet frå 2020 til 2021 skuldast at driftsinntektene har gått opp, som gjer at prosentdelen disposisjonsfondet utgjer av brutto driftsinntekter vert mindre, sjølv om disposisjonsfondet har auka med nesten 2 mill.

Variasjonen i kommunen si egenfinansiering av investeringar skuldast mellom anna variasjonar i investeringstilskot, som per definisjon inngår som eigenfinansiering. F.eks. i 2017 fekk ein både tilskot frå Husbanken for bygging av «flyktningebustad II» og spelemidlar for fleirbrukshallen, noko som førte til at eigenfinansieringa var ekstra høg dette året. Kommunen har ikkje lagt opp til ein bestemt finansieringsstrategi på dette området.

### 1.7.3 Utvikling i utvalte finansielle nøkkeltal 2021-2025 (prognose)

I dette avsnittet har ein valt å fokusere på utviklinga frå 2020 til 2024 i dei finansielle måtala som kommunestyret vedtok i saksnummer 105/2019 den 11.12.2019:

- ❑ Måltal for disposisjonsfond vert sett til minimum 15 % av driftsinntektene.
- ❑ Måltal for langsiktig gjeld vert sett til maksimum 75 % av driftsinntektene.
- ❑ Dei årlege driftsbudsjetta skal leggjast fram i balanse utan bruk av ordinært disposisjons-fond.

I dette delkapitlet har ein brukt prognosane i økonomiplanen for 2022-2025 som utgangspunkt. Det må presiserast at tala frå 2022 til 2025 er særst usikre, og dess lengre ut i perioden ein kjem, dess meir usikre er prognosane. Tala for 2021 til 2025 er som følgjer:



	Bygland				
	2021	2022	2023	2024	2025
Bruk av ordinært disposisjonsfond (i 1000 kr) -- måltal = 0	2937	-2659	-554	-1729	-1956
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 75	92	90	89	88	87
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter (%) -- måltal = 15	23	21	21	19	18

Utbytte frå Agder Energi var lågt i 2021, og ligg an til å bli lågt i 2022 også, med visse atterhald, men i 2023 ligg det an til å bli betydeleg høgare enn ein la til grunn i økonomiplanen for 2022-2025, sidan talet ikkje var kjent på budsjetterings-tidspunktet. For 2024 og 2025 har ein brukt eit historisk gjennomsnitt som grunnlag for utbyttet.

Disposisjonsfondet (frie midlar) har moderat negativ utvikling i perioden, men dette kan fort endre seg med tanke på at kraft-inntektene aukar betydeleg for tida.

### 1.8 Det kommunale næringsfond

Som det følgjer av § 6 i kommunen sine nyleg oppdaterte næringsfondsvedtekter, skal det leggjast fram ei melding om næringsfondet si verksemd for kommunestyret kvart år, som ein integrert del av kommunen si årsmelding.

Kommunen sitt næringsfond består av ein grunnkapital på kr 17.780.000 som må stå urørt:

Konsesjon	Beløp
Otteraaens Brugseierforening	1.000.000
Sira-Kvina (Sira-Kvina Kraftselskap)	30.000
Hekni kraftverk (Agder Energi AS)	1.000.000
Overføring av deler av Heisvassdraget til Hovatn (Otteraaens Brugseierforening)	500.000
Byglandsfjordkonsesjonen	15.250.000
<b>Samla fondskapital</b>	<b>17.780.000</b>

Disponeringa av næringsfondet i 2021 følgjer av tabell på neste side.

Talet nesten nedst i tabellen (kr 107.496) viser netto *avsetning* til næringsfondet i 2021, dvs. inntekter til næringsfondet (renteinntekter og konsesjonsavgifter) trekt frå kostnader knytte til bruk av næringsfondet. Dette aukar den ubundne kapitalen av fondet med kr 107.496 i løpet av 2021.

Den samla bruken av fondet er heilt i samsvar med budsjett. Dei feilbudsjetteringar som vore, kor kostnadane har blitt høgare enn budsjettert, har blitt kompensert av at bruken har vore lågare på andre område. Reiseliv gjeld drift av turistinformasjonen i 2021. Kostnaden som er oppgjeve på Setesdal Vekst er kommunen sin del av finansieringa, som er delt 50/50 med Setesdal interkommunalt politiske råd.

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021
<b>IB pr 1.1.</b>	<b><u>19 028 651</u></b>	
<b>Årets tilgang:</b>		
<i>Konsesjonskraftavgifter</i>	3 235 982	3 200 000
<i>Renteinntekter</i>	<u>161 514</u>	<u>200 000</u>
<b>Sum tilgang</b>	<b>3 397 496</b>	<b>3 400 000</b>
<b>Årets bruk:</b>		
<i>Setesdal Regionråd</i>	1 300 000	1 300 000




Avdrag på gjeld (ref. 3. budsjettjustering)	882 706	800 000
Reiseliv	63 636	60 000
Reguleringsplan Ose	46 000	-
Reguleringsplan Byglandsfjord	29 416	100 000
Tilskot Bygland Sikringsradiolog	-	5 000
Tilskot Norsk Landbruksrådgiving Setesdal	30 000	30 000
GPS-merkingsprosjekt villrein Setesdal Vesthei	-	15 000
Fiberprosjekt	21 300	20 000
Lønnsandel næringsansvarleg	230 000	230 000
Tilskot Bjoren	220 000	200 000
Setesdal Vekst	239 743	500 000
Gnist	197 199	-
<b>Næringstilskot delegert*:</b>		
Støtte til Gamaveka Extreme	20 000	20 000
Tilskot Sesilåmi	10 000	10 000
<b>Sum bruk</b>	<b>3 290 000</b>	<b>3 290 000</b>
Investering	-	-
<b>Netto bruk/avsetning</b>	<b>107 496</b>	<b>110 000</b>
<b>Saldo pr 31.12</b>	<b>19 136 147</b>	
<b>Bunden kapital</b>	<b>17 780 000</b>	
<b>Ubunden kapital pr 31.12</b>	<b>1 356 147</b>	

## 1.9 Organisering, likestilling og personale

### Organisering og overordna mål

#### Organisasjonskart:



Dette er organisasjonskartet per 31.12.21.



Aktivitet og mål er forankra i vedteken kommuneplan, og går fram av vedteke budsjett/ økonomiplan.

Slagordet for Bygland er  
"Med hjarta i Bygland"

### Sjuefråvær

Sjuefråveret i 2021 har vore på 7,02% gjennomsnittleg for heile kommunen, det er noko høgare enn for 2020 då det var 6,33%. Ein ser størst auke i eininga pleie/omsorg, der bedriftshelsetenesta hadde ei eigen kartlegging på slutten av året. Kartlegginga blei gjennomgått i AMU over nyttår.

### Forhandlingar

I 2021 var det mellomoppgjer der det var lokale forhandlingar heimla i alle tre kapitla i hovudtariffavtalen. Sentralt vart KS samd med LO, YS og Akademikerorganisasjonane medan UNIO og KS ikkje vart samde slik at det vart streik på landsbasis, Bygland vart ikkje tatt ut i streik. Streiken blei avslutta 04.06.21 og Rikslønnsnemnda avga kjennelse 21.09.21. Det medførte at UNIO organisasjonane fekk eit anna verknadstidspkt. enn dei andre organisasjonane.

### Likestilling

Det var undersøkjing knytt til heiltid/deltid blant dei tilsette i 2020 men ikkje i 2021. Partane dvs. arbeidsgjevar/arbeidstakarorganisasjonane hadde drøftingar om temaet slik arbeidsmiljølova/hovudtariffavtalen krev. Partane var samde om at det ikkje skulle setjast i verk særskilte tiltak utanom det som alt fins i personalhandboka.

### Delmål 1 - likestilling

Ha ein organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som inkluderer/ ivaretek og verdset alle arbeidstakarar på lik line uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv.

#### Tiltak 1:

Forankre likestillingsarbeidet i administrativ og politisk leiing.

#### Tiltak 2

Einingane skal beskrive likestillingstilstanden i eininga og rapportere om både planer og resultat når det gjeld likestilling. (Kommunelova § 48 pkt 5).

#### Tiltak 3

Likestilling må inngå som ein naturleg del av leiaropplæringa.

#### Tiltak 4

Inngå i kommunen sine overordna planar.

### Delmål 2 - likestilling

Gje alle arbeidstakarane lik moglegheit til arbeid og til personleg og fagleg utvikling.



### Tiltak 1

Ut frå bla. medarbeidarsamtale/bemanningsplan/rekrutteringsplan lage ein opplærings- og utviklingsplan der ein også tenker likestilling.

### Delmål 3 – likestilling

Tenkje likestilling ved lønnsfastsetjing.

### Tiltak 1

Alle arbeidstakarar uansett kjønn, etnisitet, religion, funksjonalitet osv vert vurdert etter same kriteriesettet vedtatt i lønnspolitisk plan.

### Delmål 4 – likestilling

Ha ei balansert samansetning av kjønna i leiande stillingar.

### Tiltak 1

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I leiande stillingar der eit av kjønna er underrepresentert vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.

### Kjønnsfordeling i leiargruppa

	% kvinner	% menn
<b>Totalt</b>	<b>50%</b>	<b>50%</b>

### Generelle tiltak

- Tilsetjing (HTA §§2.2 og 2.3 og AML kap. 14).
- I stillingsgrupper som er underrepresentert av eit kjønn vil ein ved tilsetjingar føretrekkje det kjønn som er underrepresentert dersom søkerane elles står kvalifikasjonsmessig likt.
- At flest mogeleg som ynskjer det skal få utvida stillingane sine til 100% stilling.
- Kartlegge dei tilsette sine interesser for auke stillingsbrøken sin til 100%. (også på tvers av einingane).
- Når stillingar skal lysas ut, forsøk i størst mulig grad å lyse dei ut som heile stillingar.
- Vurdere om turnus eller arbeidstidsordning kan reorganiseras med enkle grep for å auke talet på heile stillingar.

Personalhandboka foreslår også moglege tiltak som t.d:

- *Arbeid på tvers av einingar/avdelingar/sektorar.*
- *Vikar pool.*
- *Auka grunnbemanning.*
- *Alternative arbeidstidsordningar.*
- *Organisering av helgearbeidet.*



### 1.10 Interkommunale samarbeid

Kommunen deltek i eit utvida omfang av interkommunale samarbeid. Sjå oversikt under, kor ein viser hovudpunkta. Bygland er ikkje vertskommune for IKS og følgjeleg rapporterer ikkje kommunerekneskapsen for nokon av desse. For dei §27-samarbeida som kommunen er vertskommune for, syner ein til note 15 i rekneskapsen for 2020. Nota er lagt inn under oversikten over interkommunale samarbeid. Her finn ein utfyllande oversikt og rekneskapsinformasjon for kvart samarbeid som Bygland er vertskommune for.

Namn	Type verksemd	Type eining	Kontor-/vertskommune
Agder kommunerevisjon IKS	Revisjon	IKS	Kristiansand
Setpro AS	Arbeidsopplæring og tilrettelegging	AS	Evje og Hornnes
Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS	Renovasjon	IKS	Evje og Hornnes
Setesdal Brannvesen IKS	Brannvern og brannberedskap	IKS	Evje og Hornnes
Konsesjonskraft IKS	Distribusjon og handel med elektrisitet	IKS	Valle
Agder Sekretariat (§ 27)	Sekretær kontrollutval	Usjølvstendig §27-samarbeid	Kvinesdal
Aust Agder museum og arkiv IKS	Museumsdrift	IKS	Arendal
Setesdal IKT	IKT	Sjølvstendig §27-samarbeid	Bykle
Setesdalsmuseet Eigedom IKS	Eigar av museumseigedom	IKS	Valle
Setesdal interkomm. politisk råd	Regionråd	Sjølvstendig §18-1-samarbeid	Valle
Byglandstunet AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Nesodden Industribygg AS	Eigedomsforvaltning	AS	Bygland
Syrteit Næringsområde AS	Eigedomsforvaltning	AS	Evje og Hornnes
NAV Midt-Agder	NAV	Vertskommunesamarbeid	Vennesla
Setesdal barnevern	Barnevern	Vertskommunesamarbeid	Valle
Setesdal PPT	PPT	Vertskommunesamarbeid	Valle
Kommuneoverlege	Kommuneoverlege	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Jordmor	Jordmor	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Ergoterapeut	Ergoterapi	Vertskommunesamarbeid	Bygland
LMT	Lokalmedisinske tjenester	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
KØH	Kommunal øyeblikkelig hjelp	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Legevakt	Legevakt	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Vassdragsstyre Øvre Otra	Vassdragsstyre	Vertskommunesamarbeid	Bygland
Veterinærteneste	Veterinærteneste	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Veterinærvakt	Veterinærvakt	Vertskommunesamarbeid	Valle og E&H
Kulturskule	Kulturskule	Vertskommunesamarbeid	Evje og Hornnes
Skogbrukstenester	Skogbruk	Sal av teneste	Bygland

#### Kommuneoverlege

Kommuneoverlege er eit interkommunalt samarbeid kor ei 50 prosent stilling som kommuneoverlege er delt 50/50 mellom Bygland og Evje og Hornnes kommune.

#### Jordmor

Bygland kommune er vertskommune for jordmorsamarbeid mellom Evje og Hornnes kommune og Bygland kommune.

#### Ergoterapeut

Det er felles ergoterapeut for Bygland, Valle, Bykle og Åseral kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er vertskommune. Samarbeidet vart effektivt i august 2021.



### **Vassdragsstyre øvre Otra**

Vassdragsstyret for øvre Otra er eit organ som har til føremål å arbeide for samarbeid, fleirbruk og berekraftig forvaltning av øvre Otra. Bygland kommune er vertskommune for dette organet og kommunen sin fiskebiolog er sekretær.

### **Skogbrukstenester**

Det er felles skogbrukssjef for Bygland, Valle og Bykle kommunar i 100 % stilling, kor Bygland er kontorstad for stillinga.

### **1.11 Etisk standard og kontroll**

Bygland kommune nyttar kvalitetssikringssystemet Compilo for å ta hand om internkontrollen. Her blir avvik registrert når dei oppstår og systemet syter for ei sikker oppfølging av desse avvika. Kommunen jobbar kontinuerleg med å overhalde lover og forskrifter, og avvik vert registrert og følgd opp.

Det er fleire forhold dei ulike einingane må ta omsyn til i den daglege drifta med tanke på etikk. Det gjeld ordinære lover og forskrifter. Oppvekst har eigne mobbeplanar og utdanningsforbundet har ein eigen etisk plattform som bind medlemmane. Innanfor Pleie og omsorg og Helse blir det kvar veke tatt stikkprøver for sikre gode tilgangs-rutinar til pasientjournalane. 2 tilfeldige tilsette sjekkar i forhold til oppslag i pasientjournalane.

Når det gjeld innkjøp er fleire personar involvert i innkjøpsprosessane og fakturabehandlingane for å ivareta internkontrollen. Kommunen er med i felles innkjøpsordning gjennom OFA (offentlige anskaffelser Agder) for å trygge innkjøpsprosessen og oppnå gunstige prisar. Dei som har tilgang til bankkontoane har ikkje høve til å tilvise bilag til utbetaling, dette for å sikre internkontrollen. I tillegg blir alle bilag attestert og tilvist av ulike personar. Bankkontoane blir avstemde kvar måned, og avstemminga blir kontrollert av overordna. Kommunen vedtok sitt første innkjøpsreglement i september 2021.

Ein syner òg til personalhandboka, kor mellom anna leiarverdiane i kommunen som legg føringar for leiarane i høve etikk og kontroll er omtala. Kommunen sitt økonomireglement er i utgangspunktet utdatert, men det er framleis fleire av føringane i reglementet som er like relevante no som då reglementet vart skrive, mellom anna knytte til økonomirapporteringar (tertialrapportar) og innkjøp (anvisning og attestasjon mv.). Ein tek sikte på å oppdatere reglementet seinast innan september 2022.

Kommunen har også eit etikkreglement (vedteke i 2019), som er retta mot tilsette og folkevalde, som inkluderer m.a. tema som profesjonalitet (ærlegdom, likehandsaming, lojalitet, omdøme, teieplikt mv.), openheit og dialog, interessekonfliktar (habilitet), gåver/representasjon, pengar og eigedelar, innkjøp, arbeidsmiljø og varsling. Etikkreglementet finst og som samandrag i «plakat-format» som vert hengt opp synleg i kommunen sine einingar/avdelingar. Kommunen har i tillegg eigne retningslinjer for habilitet for å førebygge at det vert gjort transaksjonar mellom nærstående parter. Retningslinjene er retta mot, og ansvarleggjer, tilsette og folkevalde i kommunen med omsyn til habilitetsreglane i forvaltningslova.

På generelt grunnlag, så arbeider kommunen kontinuerleg for å oppnå så høg grad av intern kontroll og etisk standard som mogleg.



## 1.12 Befolkningsutvikling

### 1.12.1 Folketal etter grunnkrets for åra 2000 og 2012-2021

Grunnkrets	2000	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Byglandsfjord	390	398	409	396	395	393	404	396	385	379	368
Grendi	179	124	117	119	122	126	115	114	109	100	107
Årdal Vestside	14	14	14	14	15	15	15	16	14	13	13
Longerak	51	40	38	41	45	39	43	43	42	42	41
Lauvdal	39	33	40	38	36	35	32	32	30	30	31
Bygland	287	276	267	252	266	267	274	280	273	269	260
Bygland Vestside	1	.	.	5	5	5	5	5	5	3	3
Jordalsbø/Lidi	98	81	83	85	80	87	88	84	79	81	82
Skomedal	24	23	22	25	25	24	24	22	22	23	20
Frøysnes	13	15	11	10	10	10	9	7	7	7	8
Sandnes/Åraksbø	87	72	72	73	73	75	76	68	70	73	73
Austad Austside	80	67	68	68	62	65	63	64	70	69	72
Ose/Moi	32	23	20	19	24	20	23	24	23	22	26
Langeid/Heggland/Tveit	39	29	31	34	33	28	35	35	30	28	27
Ose/Moiheia	.	2	2	2	.	.	.	.	.	.	.
Langeid/Heggland/Tveitheiene	.	1	1	1	1	9	.	.	.	.	.
Austad Austhei	1	5	5	5	5	.	.	.	.	.	.
Uppgjeve grunnkrets	16	4	.	2	7	2	1	2	3	3	3
<b>Totalt:</b>	<b>1351</b>	<b>1207</b>	<b>1200</b>	<b>1189</b>	<b>1204</b>	<b>1200</b>	<b>1207</b>	<b>1192</b>	<b>1162</b>	<b>1142</b>	<b>1134</b>

Tabellen viser innbyggjartala per grunnkrets per 1.1 i dei respektive åra. For perioden fram til 2015 er trenden jamn nedgang i folketalet. Dei siste åra er ein usikker på kor mange av bebruarane som budde på asylmottaket som var registrert i folkeregisteret. År 2000 er teke med for å vise utviklinga over lengre sikt. Frå 2019 til 2022 er det ein dramatisk nedgang. Viss ikkje innbyggjartalet aukar noko fram mot 01.07.22 (datoen når rammetilskotet for 2022 bereknast), vil dette få stor negativ effekt på veksten i skatt- og rammetilskota.

### 1.12.2 Befolkningsprofil

#### Befolkningsprofil Bygland 2017-2021:

	2017	2018	2019	2020	2021
Innbyggjarar (antall)	1207	1192	1162	1142	1134
Fødde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	9,9	5,9	6	6,1	6,2
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	9,9	13,4	5,2	13,1	15
Netto innflytting (antall)	7	-6	-33	-12	2
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	10,5	10,2	10,3	11,5	11,6
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	53,2	55,7	53,7	58,1	60,7
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkninga i alderen 15-74 år (prosent)	1	1,2	1,5	1,8	..
Andel innvandrarbefolkning (prosent)	9,7	9,3	7,8	7,4	7,8

Tal per 31.12.21.

**Befolkningsprofil Bygland samanlikna med andre kommunar 2021:**

	Bygland	Åseral	Åmli	Valle	Iveland	Hægebostad	Bykle
Innbyggjarar (antall)	1134	912	1801	1169	1323	1704	935
Fødte per 1000 innbyggjarar (per 1000)	6,2	8,8	11,7	12	8,3	11,2	9,6
Døde per 1000 innbyggjarar (per 1000)	15	7,7	10	14,5	12,8	5,9	7,5
Netto innflytting (antall)	2	-16	-25	3	-6	6	6
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	11,6	9,8	12	11,5	13,6	6,6	9,6
Andel einslege innbyggjarar 80 år og over (prosent)	60,7	69,4	72,5	75	63,4	61,1	80
Andel innvandrarbefolkning (prosent)	7,8	10,2	16,1	10	12,9	7,4	18,9

Tal per 31.12.21.

**1.13 KOSTRA: Andre nøkkeltal**

I dette delkapitlet viser ein KOSTRA-tala for dei største einingane i kommunen; oppvekst, helse og pleie og omsorg. Totalt utgjer desse einingane om lag 70 prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Det er viktig å merke seg at desse tala *kan* innehalde rapporteringsfeil. Elles så skal ein og vere forsiktig med å leggje for mykje vekt på å samanlikne tala mellom ulike kommunar direkte, då f.eks. demografi kan ha mykje å seie for korleis ein kommune vel å prioritere. For små kommunar kan og mindre endringar i antal utgjere store utslag på statistikkane frå år til år.

**1.13.1 Nøkkeltal oppvekstsektoren**

I dette avsnittet har ein inkludert nøkkeltal for barnehage (øvrste del av tabellen under), skule (midtre del) og barnevern (nedste del).

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggjarar 1-5 år (%)	83,7	90,6	80,2	79,4	89,5
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning (%)	62,5	43,9	42,0	45,8	43,9
Netto driftsutgifter barnehagar i % av kommunens totale netto driftsutgifter	8,8	11,8	16,8	12,2	10,0
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år (kr)	209327	178245	243965	174137	212294
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	45,4	86,0	99,8	0,0	59,0
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	102,6	194,3	73,0	176,8	182,9
Elever i kommunale og private grunnskolar som får særskilt norskoppl. (%)	4,4	1,0	2,1	0,0	2,8
Elever i kommunale og private grunnskolar som får spesialundervisning (%)	8,8	8,2	13,0	6,4	9,0
Gjennomsnittleg grunnskolepoeng (antall)	42,8	42,0	43,6	..	43,4
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i % av samla netto driftsutgifter (%)	22,5	18,7	23,5	27,1	22,3
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år (kr)	235008,9	145551,2	147170,0	176178,6	183184,1
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	7,0	7,1	3,7	1,8	4,4
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (%)	7,0	7,9	2,8	1,8	4,5
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)	15899	9526	4488	4406	9681
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-24 år (%)	6,3	4,4	2,6	1,7	3,9

Når ein samanliknar med gjennomsnittet for kommunegruppa, ser ein at Bygland ligg vesentleg over når det gjeld netto driftsutgifter per innbyggjar til skule og barnevern, og litt under når det gjeld barnehage. Sjølv om kommunen har redusert utgiftene på barnevernsområdet, så gjer ein betydeleg reduksjon i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa, at kostnadane per innbyggjar i liten grad vert redusert. Utover dette så viser ein til tala i tabellen.



### 1.13.2 Nøkkeltal helse- og omsorgstenester

	Bygland	Åmli	Iveland	Hægebostad	Kostragr. 14
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbyggjar (kr)	53280	47880	33212	41983	48207
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjar (årsverk)	519,1	439,1	283,8	457,9	464,5
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i % av kommunens samla netto driftsutgifter	39,4	36,8	24,6	34,3	35,8
Andel innbyggjarar 80 år og over som bruker heimetenester (prosent)	57,4	52,9	41,5	29,5	36,6
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim (prosent)	14,8	5,9	..	14,7	13,5
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i % av kommunens samla netto driftsutg.	6,1	6,8	7,0	7,9	7,5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	16,8	15,5	9,1	11,7	18,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	7,1	11,1	15,1	11,7	12,3
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innb. 0-20 år	133,1	52,1	69,3	70,0	54,5

Kommunen har ein del høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunegruppa. Når det gjeld årsverk, så ligg kommunen betydeleg over kommunegruppa når det gjeld helse og omsorg og helsestasjons- og skulehelsetenesta, men når det gjeld sistnemnte vert deler av årsverka finansiert av eit statleg tilskot. Fysioterapeutårsverk ligg kunstig lågt fordi kommunen kjøper fysioterapitenesta eksternt. Elles viser ein til tala i tabellen.

